


PUSLESPELET*

INFORMASJONSAVIS OM KOMMUNEREFORMA



Politikarane i 10 kommunestyre har vedteke intensjonsavtalar om å slå seg saman til ein større kommune. Dei første brikkene i dette store puslespelet, storkommunen med namnet «Firda», er lagt, men fleire bitar står att. Det er fire ulike kommunealternativ i vår region: Storkommune, SiS, liten SiS og HAFS. Korleis puslespelet endar er uvisst.

Difor har desse kommune gått saman om å gje ut ei informasjonsavis, for å informere og opplyse deg om arbeidet med kommunereforma, dei fire alternativa, og kva dette betyr for deg og din kommune i framtida.

Engasjement er viktig når ein no skal legge dei neste brikkene i det store puslespelet.

* Puslespel er eit leiketøy eller spel der det gjeld å setje saman bitar eller å løyse oppgåver for å komme fram til eit heilskapleg bilete eller svar. Ordet puslespel kan i vidare forstand også brukast om alle andre typar pusleoppgåver som består i å løyse eit problem, eit mysterium eller ei gåte med fleire bitar eller delar. (Kjelde: Wikipedia)

Puslespelet

Fredag 1. juli 2016 står som ein merkedag i min kalender. Det er dagen då kommunane Flora, Naustdal, Jølster, Gaular, Førde, Gloppen, Hyllestad, Fjaler, Askvoll og Solund skal ha handsama «Sak om kommunereforma.»

Spørsmålet er om vi skal bli ein storkommune mellom Bergen og Ålesund, ein ganske stor kommune i Sunnfjord, ein mindre kommune i Indre Sunnfjord og HAFS, eller fleire småkommunar – som i dag.

Stortinget har vedteke å gjennomføre ei kommune-reform. Kommunane har fått eit utgreiingsansvar, og det siste året har vi jobba målbevisst med å få fram aktuelle alternativ.

I dag har vi fire ulike alternativ. Ein storkommune med dei ti nemnde kommunane, ein kommune med Flora, Førde, Gaular, Jølster og Naustdal, ein kommune med Førde, Gaular, Jølster og Naustdal og HAFS (Askvoll, Fjaler, Hyllestad og Solund).

Alle kommunane har vedteke framforhandla intensjonsavtalar, og vi har kome langt i arbeidet. Men vi er slett ikkje ferdige. Informasjon til alle innbyggjarane i dei ti kommunane om ståstad i dag, prosessen, vegen vidare og dei ulike alternativa står att. Derfor denne informasjonsavisa til alle husstandane.

Vi er opptekne av å informere og opplyse. Det vil seie få fram faktainformasjon slik at kvar enkelt innbyggjar kan ta standpunkt i saka. Vi skal ha innbyggjarundersøking, folkemøter, felles formannskapsmøte og folkeavrøysting. Derfor er engasjement viktig.

Vi håpar denne avisa kan bidra til at alle kan få meir kunnskap og kjennskap til kommunereforma. Kva den betyr for deg og meg, og kva slags alternativ som er best for oss i framtida.

Mathias Råheim

Leiar i samarbeidsforumet i Sunnfjord

UTGJEVAR: Styringsgruppa for kommune-reform i Sunnfjord, Gloppen og Hafs

PROSJEKLEIAR: Øystein Høyvik

REDAKTØR: Mathias Råheim

REDAKSJON: Rolf Sanne-Gundersen, Trond Ueland, Mathias Råheim, Per Arne Tveit, Øystein Høyvik, Roy Sunde

LAYOUT/PRODUKSJON: Rein Design AS

TRYKK: Schibstedt Flesland

DISTRIBUSJON: Posten Norge – til samtlige husstandar i Førde, Gaular, Jølster, Naustdal, Gloppen, Flora, Askvoll, Fjaler, Hyllestad og Solund

OPPLAG: 20.000 eks




Fire ulike alternativ:

Storkommune, SiS, Liten SiS eller HAFS?

Storkommune, SiS, Liten SiS eller HAFS er kjente ord og uttrykk for ordførarar, rådmenn og andre involverte i arbeidet med ny kommunereform. Men for dei fleste er det framand-ord, ikkje heilt enkle å forstå, vanskeleg å skilje mellom.

Her skal vi forklare skilnaden på dei fire ulike alternativa i utgreiingsarbeidet for ein framtidig større kommune i vår region.

DETTE ER ALTERNATIV «EIN STORKOMMUNE»:



Ti kommunar:

- Askvoll, Flora, Førde, Gloppen, Fjaler, Gaular, Hyllestad, Jølster, Naustdal og Solund.
- 47.198 innbyggjarar i 2015.
- 52.057 innbyggjarar i 2040 etter folketalsframskrivingar frå SSB (vekst på 11 prosent).

STATUS FOR STORKOMMUNEN:

- Det har vore sterkare vekst etter 2008
- Veksten skuldast positiv fødselsbalanse, men mest høgare innvandring
- Den innanlandske nettoflyttinga er negativ. Området taper innbyggjarar til andre stader i Norge.
- Dei siste åra har innvandringa til området vore høgare enn innvandringa på landsbasis.
- Blir ein stor kommune som kan bygge kapasitet og kompetanse.
- Får større breidde i næringsstrukturen.
- Mindre sårbar for nedgang både i offentleg og privat sektor.


PENDLING STORKOMMUNE:

- Nesten 40 prosent av den sysselsette befolkninga i Gaular jobbar i Førde.

- Over 35 prosent av den sysselsette befolkninga i Jølster jobbar i Førde.
- Over 46 prosent av den sysselsette befolkninga i Naustdal jobbar i Førde.
- Pendlinga inn til Gaular er størst frå Førde med 2 prosent.
- Pendlinga inn til Jølster er størst frå Gloppen med 2 prosent.
- Pendlinga inn til Naustdal er størst frå Førde med 1,2 prosent.
- Frå alle kommunar i alternativet pendlar over 10 prosent til kommunar som ikkje er med i Storkommunealternativet.

DETTE ER ALTERNATIV SiS

Fem kommunar:



- Flora, Førde, Gaular, Jølster og Naustdal
- 33.436 innbyggjarar i 2015
- 38.203 innbyggjarar i 2040 (vekst på 14 prosent)

STATUS FOR SiS:

- Det har vore ein jamn vekst i folketallet sidan 2000.
- Veksten har vore noko sterkare sidan 2008.
- Den innanlandske nettoflyttinga er negativ, men fødselsbalansen er positiv.
- Liten SiS er prega av god fødselsbalanse, fødselsbalansen er betre enn fødselsbalansen på landsplan det siste året. Det er innvandringa som har bidrege mest til veksten i folketal.
- Dei siste åra har innvandringa til SiS vore høgare enn innvandringa nasjonalt.

- Blir ein mellomstor kommune som kan bygge kapasitet og kompetanse
- Får større breidde i næringsstrukturen.
- Mindre sårbar både for nedgang i offentleg sektor og privat sektor.

DETTE ER ALTERNATIV LITEN SiS

Fire kommunar:




- Førde, Jølster, Gaular, Naustdal
- 21.564 Innbyggjarar i 2015
- 25.162 innbyggjarar i 2040 (vekst på 17 prosent)

STATUS FOR LITEN SiS:

- Liten SiS er prega av høg fødselsbalanse. Fødselsbalansen i området er høgare enn fødselsbalansen nasjonalt.
- Også Liten SiS taper innbyggjarar til andre stader i Norge, men nettoinnvandringa er positiv. Det siste året var nettoinnvandringa litt høgare enn innvandringa nasjonalt.
- Innvandringa bidrar mest til folketalsutviklinga. Før 2008 bidrog fødselsbalansen meir.
- Sterkt integrert region, over 25 prosent jobbar i Førde
- Korte reiseavstander

DETTE ER ALTERNATIV HAFS



Fire kommunar:

- Askvoll, Fjaler, Hyllestad og Solund
- 8.036 innbyggjarar i 2015

- 7.801 innbyggjarar i 2040 (negativ vekst på 3 prosent)

STATUS FOR HAFS:

- Nedgangen i folketallet skuldast i hovudsak innanlands fråflytting.
- Fødselsbalansen er negativ, og den har blitt meir negativ dei siste åra. Med unntak av nokre få periodar, har innvandringa vore positiv. Men den er lågare enn innvandringa nasjonalt.
- HAFS taper dermed innbyggjarar på alle plan relativt til folketalsutviklinga i landet totalt sett.
- Lite integrert arbeidsmarknad, men endra med Dalsfjordbrua
- Har tradisjon for å arbeide saman for å realisere prosjekt
- 8000 innbyggjarar er ein for liten kommune etter krava.

REISEAVSTANDAR OG PENDLING HAFS:

- Kommunane i dette alternativet er lite integrert med tanke på pendling.
- 6,7 prosent av den sysselsette befolkninga i Hyllestad jobbar i Fjaler, og 4,1 prosent av den sysselsette befolkninga i Fjaler jobbar i Hyllestad.

- Mange pendlar til ein kommune som ligg utanfor HAFS.

INNETKTSUTVIKLINGA VED EI KOMMUNESAMANSLÅING

Eit sentralt spørsmål for kommunane er kva ei kommunesamanslåing vil bety for utviklinga i frie inntekter? PwC har gjort ei utrekning i samband med arbeidet, og konkluderer slik:

- I dei første 15 åra vil Storkommune, SiS og Liten SiS samla sett få om lag like mykje inntekter som dei har i dag. HAFS vil få noko auka inntekter.
- Etter 15 år vil ein gradvis tape inntekter og etter 20 år vil inntektsgrunnlaget vere redusert med frå 2,6% av brutto driftsinntekt til 4,5% av brutto driftsinntekt.
- I utgangspunktet er dette eit stort inntektsbortfall, men ein bør ta omsyn til:
- 20 år er ein lang tidshorisont og det er vanskeleg å samanlikne dagens inntektsnivå med inntektsnivået om 20 år.
- Ein må i denne samanheng hugse på at kommunane vil få eit nytt inntektsystem som truleg vil gi mindre tilskot til mindre kommunar som kan slå seg saman med andre kommunar.

VIKTIGE TIDSPUNKT

KVA	NÅR
Innbyggjarundersøking i alle kommunane	Oktober 2015
Felles formannskapsmøte	06. november 2015
Folkemøte i alle kommunane	November 2015
Nytt inntektssystem for kommunane ute på høyring	Årsskiftet 2015/2016
Den enkelte kommune gjer vedtak om det skal gjennomførast rådgjevande folkerøysting	Desember 2015
Gjennomføring av eventuell rådgjevande folkerøysting	Februar 2016
Felles formannskapsmøte	Mars 2016
Kommunestyrevedtak om eventuell samanslåing	April 2016
Stortinget handsamar spørsmålet om nytt inntektssystem for kommunane	Juni 2016
Endeleg avgjerd i kommunane	01. juli 2016
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane si tilråding i høve kommunesamanslåing	Hausten 2016
Stortingsproposisjon om: • Ny kommunestruktur • Nytt regionalt nivå (både folkevald og statleg) • Nye/endra oppgåver (samla for kommune og region) • Naudsynte lovendringar	Våren 2017
Ny kommunestruktur på plass	01. januar 2020

Eit sterkt vekstområde mellom Bergen og Ålesund eller...?

Setninga «Utvikle eit nytt, sterkt vekstområde mellom Bergen og Ålesund» er den vesentlege skilnaden i intensjonsavtalane 10 kommunar har vedteke.

Berre i dei to største kommunealternativa er målsetjinga å utvikle eit nytt sterkt vekstområde i Sogn og Fjordane mellom dei to store naboane i sør og nord.

Alle 10 kommunestyra og bystyra har vedteke intensjonsavtalane om å slå seg saman til ein kommune frå 1. januar 2020. Fire ulike kommunealternativ, fire ulike intensjonsavtaler.

Ein intensjonsavtale er ikkje ein gjeldande avtale om kommunesamanslåing. Vedtaket om å slå saman kommunar skjer først neste år, dersom det blir kommunesamanslåing.

LIKEVERDIGE TENESTER

Dei fire intensjonsavtalane er ganske like. Overordna mål for reforma er gode og likeverdige tenester til innbyggjarane, ei heilskapleg og samordna samfunnsutvikling, kommunar som er bærekraftige og økonomisk robuste og eit styrka lokaldemokrati.

I tillegg er det slått fast i avtalane at hovudmåla med ei samanslåing er å:

- Sikre gode tenester med høg kvalitet for innbyggjarane
- Utvikle eit nytt, sterkt vekstområde mellom Bergen og Ålesund
- Vere drivkraft og fylkessenter for Sogn og Fjordane

Men setning nummer to gjeld altså berre for den største kommunen (10 kommunar), og SiS – dvs Flora, Førde, Naustdal, Jølster og Gaular.

I dei to minste alternativ, Liten SiS (Førde, Naustdal, Jølster og Gaular) og HAFS, er denne målsetjinga fjerna.

KOMPETENT ORGANISASJON

Delmåla i alle intensjonsavtalane er dei same:

- Skipe ein livskraftig og attraktiv ny kommune
- Legge til rette for samfunnsutvikling og skape attraktive bu, arbeids og fritidsområde i alle delar av kommunen
- Styrke folkevald styring, brei deltaking og involvering
- Byggje ein kompetent, effektiv og attraktiv kommuneorganisasjon med gode fagmiljø

TILFØRE NYE OPPGÅVER

Kostnadseffektive tenester er vektlagt i intensjonsavtalane. Samtidig blir det slått fast at førstelinetenester som skular, sjukeheimar, helse, barnehagar og kulturtilbod skal vere der dei er i dag. I tillegg er det

lagt vekt på å jobbe for å få tilført nye oppgåver frå sentral og regional stat, og frå fylkeskommunen.

FØRDE OG DALE ER UTPEIKA SOM KOMMUNESENTERET

I tre av intensjonsavtalane står det at «kommunesenteret er lagt til Førde». Grunngevinga for dei tre Førde-alternativa er at vi har valt eit kommunesenter som har utviklingspotensial i samarbeid og konkurranse med andre sentra i Sogn og Fjordane og på Vestlandet. Denne grunngevinga er ikkje med i intensjonsavtalen for HAFS.

Og eit kommunesenter betyr at den strategiske leiinga blir sitjande i Førde. Det vil seie ordførar, rådmann, assisterande rådmann, kommunalsjefar og stab.

Men det står også i avtalen at Flora kommune er så store at «vi samde om at talet på administrative arbeidsplassar / rådhusfunksjonar i Flora skal forholdsmessig vere som før kommunesamanslåinga.»

NÆRINGSSLESKAP I FLORØ

I avtalen står det vidare at næringssekskapet blir lokalisert til Florø. Sunnfjord næringsutvikling med sine fem tilsette har i dag kontor i kommunehuset i Førde, HAFS Utvikling AS med 4,5 faste stillingar har sitt hovudkontor i Dale, medan Fram Flora med sine 4 stillingar alt er lokalisert i Florø.

Eventuelt nye «statlege/fylkeskommunale arbeidsplassar skal over tid delast mellom Flora og Førde».

Kva så med dei mindre kommunane ved ei samanslåing?

«Også for dei andre kommunane som går inn i ein ny kommune skal målet vere at kommunesentra skal stimulerast gjennom å vere lokale knutepunkt ved bruk av servicetorg, desentraliserte rådhusfunksjonar og plassering av publikumsretta tenester som det er naturleg ligg desentralt. Den nye kommunen skal arbeide aktivt for å få ei god spreiding av kommunale arbeidsplassar og funksjonar i heile kommunen».

45 FOLKEVALDE


Ein ny og større kommune vil ha det same politiske styresett som i dag, det vil seie formannskap og bystyre. Kommunestyret i det største alternativet vil ha 45 medlemmer.

Dette meiner ordførarar og rådmenn



Sentralt i arbeidet med kommunereforma, og dei fire modellane som er under utgreiing: Storkommune, SiS, liten SiS og HAFS, står ordførarane og rådmennene i dei ti kommunane Askvoll, Flora, Førde, Gloppen, Fjaler, Gaular, Hyllestad, Jølster, Naustdal og Solund. Dei er talerøret for dei 47.198 innbyggjarane i desse kommunane.

Kvar av dei har fått fem spørsmål. I dei kommunane det har vore skifte av ordførar etter valet kjem både av- og påtroppande ordførarar til orde. På dei neste sidene kan du lese meiningane til ordførarar og rådmenn i dei ti kommunane.



Øyvind Bang-Olsen

RÅDMANN



– Kva er fordelene med ein større kommune for din kommune og for regionen som heilskap?

– Regionen som heilskap vil tene på dette ved at ein større kommune har meir kraft til å påverke samfunnsutviklinga i positiv retning. Det kan gje større breidde i tenestetilbodet kommunen yter til innbygarane, særleg innan helse- og omsorgsområdet, samt at eg trur ein større kommune vil ha evne til å realisere samferdsle, nærings- og kulturprosjekt som elles ikkje kjem på plass. Vi er ein region med stort utviklingspotensiale.

– Kva trur du blir konsekvensen av å stå åleine som kommune i framtida?

– Enkelte tenester for innbygarane vil vere vanskeleg å få gode nok ved å stå åleine. Eventuell avvikling av interkommunale tenester kan gjere det vanskeleg å erstatte desse til same pris og med same kvalitet. Likevel vil nok lokale oppgaver som kommunane har mykje merksemd på i dag ikkje bli løyst på same måte.

– Kvifor er det så stor motstand mot kommunesamanslåing blant folk?

– Det er ikkje gitt at fleirtalet generelt er i mot å slå seg saman med ein annan kommune, men dei kan ha ulike syn på med kven, kor mange og korleis prosessen blir gjennomført.

– Kva vil ein storkommune bety for innbygarane i Naustdal kommune?

– Eg håpar det som ligg i intensjonsavtalen og utgreinga gjev svar. Kommunen sine basistjenester skal oppretthaldast, men tal oppgaver utført på kommunehuset vert endra. Dei største endringane vil skje innan administrasjon.

– Kvifor er det ikkje større engasjement rundt spørsmålet om kommunesamanslåing?

– Det kan henge saman med at mange forhold seg til at reforma kjem uansett. Det er alltid lettare å få oppslutning om enkeltsaker som gjeld ein skule, eit byggefelt eller ein institusjon. Når det er sagt trur eg også vi har ei viktig oppgåve med å informere.

Håkon Myrvang (Ap)

ORDFØRAR



– Kva er fordelene med ein større kommune for din kommune og for regionen som heilskap?

– Ei ny storkommune vert eit «kraftsenter» mellom Bergen og Ålesund

– Kva trur du blir konsekvensen av å stå åleine som kommune i framtida?

– Ved å stå åleine beheld kommunen identite-

ten. Det kan vere ei utfordring å vere ein liten kommune, og ikkje vere del i eit større bu- og arbeidsområde. Naustdal er ein del av eit større bu- og arbeidsområde, og det å stå åleine vert difor ikkje ei utfordring. Nokre oppgaver er av ein slik art at ein må vere stor som kommune for å kunne løyse dei. Å stå åleine krev at ein løyser slike oppgaver ved interkommunalt samarbeid. Skal ein stå åleine som kommune må difor myndighetene legge vilkår for interkommunale samarbeid.

– Kvifor er det så stor motstand mot kommunesamanslåing blant folk?

– Å endre kommunestrukturen på eit par år er krevjande både for politikarar og for innbygarar. Det offentlege legg opp til altfor stramme tidsfristar. Det er vanskeleg å få fram fordelar og ulemper med strukturendring når rammene for endringa ikkje er på plass for fristen for endeleg vedtak er ute.

– Kva vil ein storkommune bety for innbygarane i din kommune?

– Vanskeleg å svare på når inntekta til ei ny storkommune ikkje er kjent.

– Kvifor er det ikkje større engasjement rundt spørsmålet om kommunesamanslåing?

– Fordi det er vanskeleg å svare på kva som er best for innbygarane i Naustdal.

Naustdal kommune

¹ Innbyggartal: 2.807

Ordfører: Håkon Myrvang (Ap)

Rådmann: Øyvind Bang-Olsen.

Administrasjonsstad: Naustdal

Innbyggarnamn: Naustedøling

Fem største næringar i tal sysselsette: (Tal frå 2013)

Helse- og sosialtenester: 220

Bygge – og anleggsverksemd: 133

Undervisning: 70

Jordbruk, skogbruk og fiske: 66

Varehandel/reperasjon av motorvogner: 48

TOTALT 645 SYSSELSETTE

² Arbeidsløyse Naustdal: 1,3 prosent av arbeidsstyrken. 19 personar utan arbeid.

www.naustdal.kommune.no

¹ Folketal henta frå SSB for 2. kvartal 2015.

² Arbeidsløyse: Tal for 2. kvartal 2015 henta frå Nav Sogn og Fjordane.

Meir informasjon om kommunereforma finn du på www.prosjektsunnfjord.no



Foto: Stine Bortheim / Rein Design

Laila Solhaug

PEDAGOGISK LEIAR I BARNEHAGE



Eg veit veldig lite om kommunereforma, og kva den får å seie for Naustdal. Mest truleg blir ein del tenester og

tilbod flytta til Førde, og det likar eg ikkje. På den andre sida ser eg at det kan vere økonomisk gunstig at kommunane samarbeider om tenestene til innbygarane. Eg ønskjer at Naustdal skal vere sjølvstendig, men eg trur ikkje vi kjem unna ei samanslåing.

Rognald Stuhaug

JOBBAR I UTESEKSJONEN I NAUSTDAL



Det blir bra med storkommune! Kommuneadministrasjonen blir nok flytta til Førde, men så lenge det hevar

kvaliteten på tenestene, så gjer ikkje det noko. Vi må tole ein liten biltur eller busstur når vi bur i distrikta. Desto større kommune, desto betre. Ein storkommune kjem fortare enn vi anar.


Jan Herstad

BONDE OG TANKBILSJÅFØR



Når vi blir større, får vi eit større politisk fellesskap i eit større område med fleire folk, blir meir livskraftige

og kan oppleve ei positiv utvikling i ein storkommune. Vi blir meir slagkraftige, og det blir lettare å få til ting i indre Sunnfjord. Vi blir meir attraktive i forhold til å trekke til oss innbyggjarar, og det vil bli skapt fleire kompetansearbeidsplassar, noko som er heilt nødvendig for å følgje med landsveksten.



Håkon Loftheim

RÅDMANN



– Kva er fordelene med ein større kommune for din kommune og for regionen som heilskap?

– Ein stor kommune vil kunne få betre evne som samfunnsutviklar ved å ha større fagmiljø og kapasitet innanfor

plan, byggesak og næringsutvikling. Og den vil vere ei sterkare røyst inn mot fylkeskommunale og statlege myndigheiter i høve til politiske prioriteringar som utbygging av mellom anna infrastruktur. Eit døme her kan vere Kystvegen med kryssing av Førdefjorden, utbetring og rassikring av eksisterande vegar og utbygging av breiband. Større fagmiljø på einskilde tenesteområde vil gje tenestene auka kapasitet og gjere dei mindre sårbare i høve ferieavvikling og anna fråvær, særleg innan plan, byggesak og næring. Stadig meir komplekse sjukdomsbilde skal handterast i helse- og omsorgstenestene i kommunen. Ein større kommune vil vere betre rusta til å spesialisere dei tilsette for å handtere pasientane. Det vert i dag stadig inngått nye samarbeid på tvers av kommunane for å handtere nye krav.

– Kva trur du blir konsekvensen av å stå åleine som kommune i framtida?

– Fordelen med å vere ein liten kommune er nærleik til brukarane av kommunale tenester, og politikarar som har god kjennskap til heile kommunen og nær kontakt med innbyggjarane. Stadig aukande faglege krav innfor dei fleste tenesteområde, vil krevje nye samarbeidstiltak over dei eksisterande kommunegrensene, om kommunestrukturen held fram som no. Det er stor usikkerheit om det framtidige inntektssystemet for kommunane. Om inndelingstilskotet og småkommunetilskot vert redusert eller teke bort, kan det få store konsekvensar for kommunen si evne til å yte gode tenester til innbyggjarane. Med reduserte inntekter vil evna til å yte likeverdige tenester og evna til å vere ein aktiv aktsamfunnsutviklar, verte redusert.

– Kvifor er det så stor motstand mot kommunesamanslåing blant folk?

– Det er vanskeleg å seie noko om motstanden før vi har sjekka den ut, men eg trur folk er opptekne av identitet, nærleik til tenestene, lokaldemokratiet og lokale arbeidsplassar.

– Kva vil ein storkommune bety for innbyggjarane i din kommune?

– Intensjonsavtalane legg føringar for tenestestrukturen i den «nye» kommunen. Det er vektlagt at dei viktigaste tenestene framleis skal vere lokalisert der dei er no, og at det skal vere råd for «rådhustilsette», i stor grad, framleis å ha arbeidsstad i det gamle rådhuset. Skal dette verte realitet også på lenger sikt, må vi stole på at vi har eit Storting som er opptekne av å sikre ei god finansiering av kommunane i framtida, også etter overgangsprioden på 15-20 år etter samanslåing. I storkommunealternativet er det avtalt at kommunedelutval skal



Foto: Roy Sunde/ Rein Design

ivareta kommunikasjonen med, og nærleiken til innbyggjarane.

– Kvifor er det ikkje større engasjement rundt spørsmålet om kommunesamanslåing?

– Prosessen har så langt i stor grad vore prega av utgreiingar og arbeid i administrasjon og kommunestyre. Til nærare vi kjem tida for å ta ei avgjerd, trur eg engasjementet vil auke.

Frida Melvær (H)

ORDFØRAR



– Kva er fordelene med ein større kommune for din kommune og for regionen som heilskap?

– Ein større kommune kan sjå plan-, samfunns- og næringsutvikling i breiare samanheng og med større tyngde.

Målet er å sikre gode tenester med høg kvalitet og større valfridom for innbyggjarane i framtida, og bygge ein effektiv, attraktiv kommuneorganisasjon med gode fagmiljø.

– Kva trur du blir konsekvensen av å stå åleine som kommune i framtida?

– Eit sentralt spørsmål her er knytt til nytt inntektssystem som trer i kraft frå 2017. Om det blir vesentlege endringar i overføringane til småkommunane skaper det store utfordringar for høvet til å oppretthalde nære, gode og likeverdige tenester til innbyggjarane. Behovet for interkommunalt samarbeid vil auke. Med det mister vi mykje av den lokaledemokratiske avgjerdsmynda. Kommunen kan i framtida bli enda meir sårbar med tanke på rett fagkompetanse, rekruttering og fleksibilitet ved sjukefråvær, ferieavvikling med meir.

Ein av dei mest grunnleggjande fordelane ved mindre kommunar er nærleiken mellom innbyggjar og dei styrande og kunnskapen om det som til ei kvar tid rører seg av aktivitetar og behov i kommunen. Nærleiksfordelane kan bli utfordra i ein storkommune, samstundes som nærleik også kan vere ei ulempe i nokre samanheng (habilitet).

– Kvifor er det så stor motstand mot kommunesamanslåing blant folk?

– Motstanden er ikkje er kartlagt. Tilbakemeldingane varierer, men i den grad det er motstand handlar mykje om identitet og om visse for om ein

beheld nærleik til viktige funksjonar, arbeidsplassar og avgjerdsinstansar i framtida.

– Kva vil ein storkommune bety for innbyggjarane i din kommune?

– Dei viktige førstelinetenestene, som helse- og omsorgstilbodet, barnehagar, skular og kulturtilbod, skal oppretthalde der dei er lokaliserte i dag. Dei gamle rådhusa skal innehalde desentraliserte rådhusfunksjonar, servicetorg og samfunnskontakt. Servicetorga skal hjelpe innbyggjarane innan dei mest etterspurde tenestene. Drift og vedlikehald av bygningar skal også lokaliserast med same struktur som i dag. I det store «Firda»-alternativet ønskjer ein også å etablere kommunedelutval for å skape demokratisk nærleik til innbyggjarane.

– Kvifor er det ikkje større engasjement rundt spørsmålet om kommunesamanslåing?

– Det er ei kompleks sak som kan vere vanskeleg tilgjengeleg – kanskje den største saka kommune-Norge har stått overfor på mange tiår. Engasjementet blir tydeligare etter kvart som den blir meir konkret og folk får meir kunnskap om korleis den vil slå ut.

Askvoll kommune

¹ Innbyggartal: 3.030

Ordfører: Frida Melvær (H)

Rådmann: Håkon Loftheim

Administrasjonsstad: Askvoll

Innbyggarnamn: Askvolling

Fem største næringar i tal sysselsette: (Tal frå 2014)

Helse- og sosialtenester: 231

Jordbruk, skogbruk og fiske: 161

Varehandel, reparasjon av motorvogner: 119

Transport og lagring: 109

Undervisning: 93

TOTALT 1.060 SYSSELSETTE

² Arbeidsløye Askvoll: 1,8 prosent av arbeidsstyrken. 26 personar utan arbeid. www.askvoll.kommune.no

¹ Folketal henta frå SSB for 2. kvartal 2015.

² Arbeidsløye: Tal for 2. kvartal 2015 henta frå Nav Sogn og Fjordane.

Magni Rivedal

JOBBAR PÅ APOTEK



Det er vanskeleg å ta stilling til noko vi ikkje kjenner resultatet av. Eg har trua på eit HAFS-samarbeid, fordi det er nært og kjent. Men eg fryktar at Askvoll blir tatt i frå tenester. Kva om ein t.d. får tildelt ein sjukeheimplass langt unna, fordi det var der det var ledig plass i storkommunen?

Dorthea Risnes

FRISØRLÆRLING




For å vere heilt ærleg, så har eg ikkje sett meg så godt inn i dette. Ikkje bryr det meg så veldig heller. Eg synest det er greitt slik som vi har det. Vi har klart oss åleine fram til no, og eg ser ikkje behovet for ei kommunesamanslåing, sjølv om det kan sjå ut til at det er det som skjer.

Espen Vasseth

TØMRAR



Eg er veldig i mot ein storkommune. Askvoll kjem til å ende som taparen, uansett kva alternativ dei går for. Eg er frå Stongfjorden, som er ein liten stad, og derfor redd for at fråflytting blir eit resultat av ein storkommune. Førde er uaktuelt, og i ein HAFS-kommune kjem det meste til å bli flytta til Dale.



Jan Kåre Fure

RÅDMANN



– *Kva er fordelene med ein større kommune for din kommune og for regionen som heilskap?*

– Eg trur ikkje Gloppen har nokon klar fordel av å gå inn i ein større kommune slik det ser ut. Vi er nest beste

kommune i landet på kommunale tenester. Eg ser ikkje korleis dei kan bli særleg betre i ein større kommune. På nokre få område er vi i dag sårbar, eller har ikkje god nok kapasitet, særleg på planlegging og strategi. Ei større eining vil kanskje hjelpe der. Ein storkommune er ein fordel for den delen av regionen som får senteret og blir tyngdepunktet, men for regionen samla og gamle kommunesenter, trur eg ikkje den er positiv.

– *Kva trur du blir konsekvensen av å stå åleine som kommune i framtida?*

– Det er ein klar fordel å styre seg sjølv. Gloppen blir betre styrt frå Sandane enn frå Førde, på same vis som fylket blir betre styrt for oss frå Leikanger enn Bergen. Gloppen er ikkje ein liten kommune i storleik eller folketal. Med få unntak leverer vi tenester til akseptable kostnader, av god kvalitet. Økonomi er ei hovudutfordring for alle, og med trongare tider blir tenestetilbodet dårlegare. Om poenget med reforma er å spare pengar på drift, administrering og styring av kommunesektoren, kan det bli økonomisk utfordrande å halde fram som eigen kommune. Vi har ei utfordring i dag på plankapasitet og -kompetanse. Her må vi bli betre om vi skal halde fram på eiga hand. Om ein større kommune vil kjempe for alle delar av seg, blir det kanskje ei ulempe å ikkje vere med, men eg trur ikkje gammal usemje om plassering av tenester blir borte ved å viske ut kommunegrensene. Vil Firda kommune kjempe for tilboda i Gloppen når Førde og Flora er interesserte i dei same tilboda? Eg tvilar.

– *Kvifor er det så stor motstand mot kommunesamanslåing blant folk?*

– Den er eit liktloppl regjeringa har pålagt kommunane. Talsmennene overser den sterke lokale kommuneidentiteten dei fleste har. Særleg i fylke der den interkommunale identiteten nesten er fråverande. Ein manglar fellesinstitusjonar som knyt oss saman. Vi har vår eigen vidaregåande skule, kulturhus, lokalavis m.m. Dette gjer oss først og fremst til glopparar, ikkje nordfjordingar eller sunnfjordingar. Folk flest ser reforma som ei sentraliseringsreform, i sporet av sentraliseringa staten har drive med si tenesteyting og styring i årevis. Eigen kommune og kommunehus er på mange vis siste skansen mot å bli styrt frå Førde, Bergen eller Oslo.

– *Kva vil ein storkommune bety for innbyggjarane i din kommune?*

– På dei fleste tenestoområda vil den ikkje ha noko å seie for folk. Når det gjeld styring av tenestene og lokalsamfunnet vil den føre til mindre påverknad frå innbyggjarane, langt færre folkevalde og lenger veg til kommunehuset i meir enn



Iver Heen Ask, Iha Media

ei meining. Særleg trur eg kommunen si rolle som samfunnsutviklar og pådrivar for lokalt næringsliv blir svekka utom kommunesenteret. Det er sentera som bidrar til folkevekst eller avgrensar folketalsnedgangen i våre kommunar. Misser ein senterstatusen vil også vekstmotoren bli borte. Det gjev folketalsnedgang og dårlegare tilbod mange stader. Det må sparast ein god del på administrative kostnader ved samanslåing. Då blir administrative arbeidsplassar sentraliserte. Over tid vil folk flytte etter arbeidsplassane.

– *Kvifor er det ikkje større engasjement rundt spørsmålet om kommunesamanslåing?*

– Folk flest har ikkje tru på at det blir noko særleg av reforma, som kjem ovanfrå, og som folk flest ikkje har noko forhold til. Det er først når tilbod blir dårlegare og arbeidsplassar blir borte folk engasjerer seg. Dei fleste lokale folkevalde har uttrykt seg i runde og uforpliktande vendingar om den. Ingen er usamde i målsettingane med reforma om betre tenester og betre planlegging, ressursutnytting og styring. Det har ikkje vore så mykje handfast å ta stilling til for dei som er på utsida av prosessen. Og der er dei fleste. Og så det kjem motstridane meldingar frå sentrale politikarar om reforma. Alt blir betre med større kommunar, seier pådrivarane. Tvert imot, seier motstandarane: Ikkje noko positivt kjem ut av dette. Då er det lettare å meine noko om nedlegging av ein skule.

Leidulf Gloppestad (Sp)

PÅTROPANDE ORDFØRAR



– *Kva er fordelene med ein større kommune for din kommune og for regionen som heilskap?*

– Det kunne ha større fagmiljø i kommunaladministrasjon, på næringsarbeid, planarbeid og liknande, samstundes som ein større kommune vil kunne gjere behova for interkommunale samarbeid mindre aktuelle.

– *Kva trur du blir konsekvensen av å stå åleine som kommune i framtida?*

– Eg trur ikkje konsekvensane vert så store, uklarheiter kring inntektssystem, korleis kommunane skal vektast etter størrelse og innbyggartal, har regjeringa framleis ikkje svar på. Det er stortingsfleirtalet som bestemmer og det er ingenting som tyder på at dette fleirtalet vil gjere endringar som påverkar ei avgjersle i ein kommune om å stå åleine. Veldrivne kommunar vil framleis kunne halde fram, og tenestetilbodet til innbyggjarane i heile kommunen vil til slutt vere utslagsgjevande for det val kommunane vil ta.

– *Kvifor er det så stor motstand mot kommunesamanslåing blant folk?*

– Reforma har etter mi meining vore feil og underkommunisert frå dag ein. Det skulle starte som ei moglegheitens reform, der kommunar skulle finne saman og overta oppgåver frå stat og fylke. Samstundes som regjeringa sentraliserte politidistrikt, skattekontor og alarmsentralar. Det som kom ut att var kanskje høve til å visle ektepar og, om kommunane vart over 50.000 innbyggjarar, ansvar for vidaregåande skular. Etter at oppgåvefordeling ikkje vart noko av og høva mindre, har ein i staden gått over til å snakke om ei demokratireform, som i hovudsak skal gjere avstandane frå innbyggjarar til tenesteytar større og tal lokalpolitikarar til tenesteytar mindre. Innbyggjarane har problem med å forstå kva ein skal forandre til, og kvifor ein skal gjere det. Eg kan godt forstå det.

– *Kva vil ein storkommune bety for innbyggjarane i din kommune?*

– Ein storkommune vil gjere avstandane til tenesteytar større, samstundes som lokalefolkevalde ikkje vil ha like god kjennskap til utfordringar og behov i alle delar av kommunen. Dette er umogleg å koma utanom. Sentraliseringskrefter har vi i kommunane med dagens kommunestruktur, det er ikkje råd å sjå føre seg at ikkje desse kreftene vert forsterka, når avstand frå utkant til sentrum vert større. I starten vil ein gjerne gjere alt ein kan for at overgangen ikkje skal merkast, men når spørsmål om utbygging av omsorgsbustadar, skulebygg og institusjonsplassar, vedlikehald og oppgradering av basseng i gamle skulebygg skal vurderast i storkommunen sitt driftsbudsjett, vil det vera stor skilnad på å vere ei bygd på 400 personar i ein kommune på 6.000, enn å vere 400 personar i ein kommune med 30.000.

– *Kvifor er det ikkje større engasjement rundt spørsmålet om kommunesamanslåing?*

– Folk ser ikkje poenget og vil ikkje ha det. Mine argument og påstandar er uttrykk som har kome fram i samtale med folk om kommunereforma og dette er argument som har festa seg. Om ein vil ha endringar i kommunegrensene og dette er av avgjerande viktig for styrande parti, må ein i mykje sterkare grad føre ein politikk som bygger regionane saman, med vegar, bruer og tunnelar, slik at innbyggjarane kan ferdist fritt i eit mønster som fell dei naturleg – og ikkje etter kor ein bur langs fjorden.

Anders Ryssdal (Sp)

AVTROPANDE ORDFØRAR



– *Kva er fordelene med ein større kommune for din kommune og for regionen som heilskap?*

– Det kan vere vanskeleg å peike på fordelar. Men det vert hevda at vi får eit sterkare fagmiljø og lettare kan rekruttere fagfolk. Vi får samla bu- og arbeidsregionane. Ein større kommune kan også utnytte knappe økonomiske ressursar betre. Ein vil stå sterkare i arbeidet med næringsutvikling.

– *Kva trur du blir konsekvensen av å stå åleine som kommune i framtida?*

– Ein storkommune vil gje store geografiske avstandar. Folk flest vert fjernare til lokaldemokratiet. Gloppen er nr to på kommunebarometeret. Vi kan jobbe for å halde på den plasseringa. Identiteten til folk flest vert ikkje forsøkt endra. Kommunen som utviklingsaktor vil bestå. Mykje blir avgjort når ein får oversikt over det framtidige inntektssystemet for kommunane.

– *Kvifor er det så stor motstand mot kommunesamanslåing blant folk?*

– Kravet om samanslåing kom frå regjering og storting, ikkje frå folk flest. Folk har ein identitet som glopparar, jølstringar, firdianarar osv.

– *Kva vil ein storkommune bety for innbyggjarane i din kommune?*

– I Gloppen vil mange arbeidsplassar på kommunehuset forsvinne. Kva som skjer med Nordfjord Miljøverk er uklart. Skular, barnehagar, institusjonane med meir består. Med rett organisering kan ein ta imot statlege arbeidsplassar.

– *Kvifor er det ikkje større engasjement rundt spørsmålet om kommunesamanslåing?*

– Folk trur ikkje heilt at det går. Det manglar også viktig informasjonsarbeid, som til dømes folkemøte. I Gloppen arbeider vi for å ha eitt spor mot sør, eitt mot nord og eitt sjølvstendig. Så vil vi legge resultatet fram til folkerøysting. Engasjementet kjem nok med folkerøystinga.

Gloppen kommune

¹Innbyggartal: 5.755

Ordfører: Leidulf Gloppestad (Sp)
avtroppande: Anders Ryssdal (Sp)

Rådmann: Jan Kåre Fure

Administrasjonsstad: Sandane

Innbyggarnamn: Gloppar

Fem største næringar i tal sysselsette:
(Tal frå 2014)

Helse og sosialtenester: 614

Varehandel/repasasjon av motorvogner:
414

Industri: 371

Undervisning: 283

Jordbruk, skogbruk og fiske: 247

TOTALT 2.833 SYSSELSETTE.

²Arbeidsløse Gloppen: 0,7 prosent av

arbeidsstyrken. 20 personar utan arbeid.

gloppen.kommune.no

¹ Folketal henta frå SSB for 2. kvartal 2015.

² Arbeidsløse: Tal for 2. kvartal 2015 henta frå Nav Sogn og Fjordane.

Meir informasjon om kommunereforma finn du på www.prosjektsunnfjord.no

Kyrre Pettersen



Ein storkommune er berre positivt! I små kommunar er det så mykje som går vekk i administrasjon og tull. Eit samarbeid vil føre til ei meir fornuftig organisering, og ein får frigjort utgifter. Det er mykje motvilje i distrikta, for her skal det helst vere slik som det alltid har vore! Storkommunen kjem, om det så blir tredd nedover hovudet på oss.

Ksenia Bolstad



Eg ønskjer ikkje kommunesamanslåing. Gloppen må vere Gloppen og Førde må vere

Førde. Dersom vi blir del av ein storkommune, vil det ende i mindre aktivitet i Gloppen. Vi har ein kommune som fungerer godt. Det er best om ting er som det er.


Bjørn Søreide

BONDE



Førde ser på seg sjølv som eit sentrum, som dei helst vil utvide. Då endar Gloppen som ein

utkant, og offentlege tenester vil bli flytta. Eg trur vi klarar oss best sjølv, og ingen er tente med at tenester blir flytta vekk i frå dei. Den sittande regjeringa har tvunge fram ei løysing uavhengig av kva folket meiner.



Ola Hovland
RÅDMANN



– Kva er fordelene med ein større kommune for din kommune og for regionen som heilskap

– Svare mine gjeld mest for ein storkommune, men også for HAFS-alternativet. Ein større kommune vil vere betre i stand til å ta i vare rolla som samfunnsutviklar, ha tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse og ein meir berekraftig næringsstruktur. Teknologisk utvikling og samarbeid gjer det mogleg for tilsette å kunne jobbe tilnærma som i dag, sjølv om ein og må berekne noko pendling. Bättre høve gjennom storleik til å utvikle sjølvbetjeningsløysingar og å ta i bruk ny teknologi, mellom anna innan velferd. Dette betyr at innbyggjarar med ulike tenestebehov kan bu lengre heime og vere «sjef i eige liv». Ein vil ha høgare inntekter dei første 15 åra i HAFS-alternativet, og høve til effektiviseringsvinstar. Det er rimeleg å anta at framtidig inntektssystem også vil bli knytt til innbyggartalet. Det betyr at å auke folketalet vil vere særskilt viktig. Det kan vege opp for negative endringar seinare, dvs etter 20 år. Med mange usikre faktorar, er det vanskeleg å vektleggje kva økonomiske effektar det har etter 20 år.

– Kva trur du blir konsekvensen av å stå åleine som kommune i framtida?

– Ulemper: Ein vil i større grad og innan spesialiserte tenester vere avhengig av samarbeid med nabokommunar. Det er ei demokratisk utfordring, som gjer det vanskeleg å tilby likeverdige tenestar. Små fagmiljø og uheldig blanding av roller: Store og tunge funksjonar på enkeltpersoner der ein i større kommunar har eigne avdelingar og fagmiljø. Kjem for tett på folk, naboar og slektningar i handsaming av vanskeleg saker innan teknisk, skule, barnevern og helse. Vil ikkje vere stand til å drive plan- og utviklingsarbeid – legge til rette for å skape vekst. Er for små til å ha eigne stillingar på plan og utvikling, både i høve samfunnsutvikling og innan oppvekst og helse. Det gjer det vanskeleg å gje likeverdige tenester med rett kvalitet til rett tid og drive nautsynne utviklingsaktivitetar både i sentrum og i utkantane.

– Kommunen har store økonomiske utfordringar i dag. Hovudårsak er nedgang i folketalet i utkantane, medan sentrum veks. Endringar i inntektssystemet der småkommune- og basistilskot blir endra/teke bort, vil ha dramatiske konsekvensar. For Fjaler kommune vil det vere, om ikkje umogeleg, svært vanskeleg å drive som i dag. Strukturendringar med nedlegging av skular og barnehagar utover sentrum og nedbygging av kultur- og fritidstilbod i sentrum vil vere nokre konsekvensar. Samla vil det gå ut over omdømme. Ein vil svekke viktige attraktivitetskrteria, dvs. grunnlag for å auke tilflytting og folketalsvekst. Det blir vanskeleg å vere ein attraktiv og utviklande arbeidsplass – med konsekvensar for rekruttering.



Foto: Roy Sunde/Rein Design

Fordelane er at ein beheld eigen identitet. Og reduserer pendling for tilsette (sparer miljøet).

– Kvifor er det så stor motstand mot kommunesamanslåing blant folk?

– Motstanden er ikkje kartlagt.

– Kva vil ein storkommune bety for innbyggjarane i din kommune?

– Har ingen merknader utover det som ligg i intensjonsavtalane.

– Kvifor er det ikkje større engasjement rundt spørsmålet om kommunesamanslåing?

– Ulike forklaringar kan vere: Låg lokalpolitisk motivasjon – uklare signal frå «samla» Storting, «tvangsekteskap med valmoglegheit!», lenge til 2020. For dårleg involvering – ikkje køyrt prosessar og folkemøte med medverknad. Generelt lite informasjon og lite spissa informasjon, dvs. informasjon av typen «kva betyr det for meg?».

Gunhild Berge Stang (V)

PÅTROPPEDE ORDFØRAR



– Kva er fordelene med ein større kommune for din kommune og for regionen som heilskap?

– Ein større kommune vil i større grad vere i stand til å løyse framtidens utfordringar når det gjeld rekruttering og tenesteyting, særleg innan helse, omsorg og velferd. Kommunane vil framover overta større delar av spesialiserte helsevesen. Då er kommunane

nøyde til å vere i stand til å rekruttere personar med kompetanse, til dømes sjukepleiarar. For næringsliv og arbeidsliv er kommunegrensar lite relevante. Å kunne planlegge busetnad, næringsliv og arbeidsplassar i ein region utan kommunegrensar vil vere ein fordel.

– Kva trur du blir konsekvensen av å stå åleine som kommune i framtida?

– I ei framtid der kommunane har stadig større oppgåver, vil ein åleine-kommune i enda større grad enn no vere avhengig av å kjøpe tenester frå større kommunar for å tilby sine innbyggjarar likeverdige tenester. Dette betyr i praksis at ein småkommune i liten grad vil å ha kontroll over kostnadane og styringa knytt til desse oppgåvene, og vil vere prisgjevne vilkåra den større kommunen set.

– Kvifor er det så stor motstand mot kommunesamanslåing blant folk?

– Meiningsmålingar har vist at fleirtalet av folket er for kommunesamanslåing, men mitt inntrykk er at folk har blitt litt meir skeptisk. Ein grunn til det er nok at motstanden mot samanslåing vart valkampsak for enkelte parti. Då blir bodskapan meir spissa og folk meir usikre. Vi politikarar har nok ikkje klart å få godt nok fram kvifor dette er viktig for folk sin kvardag. Kommunereforma er først og fremst til for dei som treng kommunen mest: dei svakaste som treng det offentlege sine tenester innan helse, omsorg, sosial osv. Det er gjerne ikkje desse som hevar stemma si i debatten.

– Kva vil ein storkommune bety for innbyggjarane i din kommune?

– Eg trur at kommunane vert betre i stand til å levere likeverdige tenester til folk. Ein vil også oppleve at fleire av oppgåvene blir løyst på lokalnivå i staden for på til dømes eit sjukehus. Ein må hugse på at kommunereforma handlar om å levere tenester nærast mogleg folk, men at dei tenestene må organiserast annleis. Det vil seie at sjukeheim, legekontor, bibliotek med meir ikkje skal sentraliserast. Det er det ikkje noko å tene på, men at sentraladministrasjon og rådhusfunksjonar bak, blir ein del av ein større organisasjon. Det vil seie at fleire jobbar direkte med tenesteyting på sjukeheimar, i barnevern, i skulane osv, og færre i byråkratiet. Eg er og opptatt av jobbar knytt til rådhus også blir desentralisert, fordi dagens kommunikasjonar ikkje krev at byråkratiet vere stabla på ein plass.

– Kvifor er det ikkje større engasjement rundt spørsmålet om kommunesamanslåing?

– Debatten er litt teknisk og litt ekskluderande ovanfor dei som ikkje er aktiv politisk eller jobbar i det offentlege. Vi politikarar har ikkje klart å få fram godt nok kvifor dette er viktig for folk sin kvardag.

Arve Helle (Ap),

AVTROPPEDE ORDFØRAR

– Kva er fordelene med ein større kommune for din kommune og for regionen som heilskap?

– Kan bygge større og meir attraktive kompetansmiljø, som igjen gjev innbyggjarane betre tenester, og ikkje minst lettare tiltrekke seg kompetent arbeidskraft. Ein større kommune vil ha meir slagkraft og kjøvtekt inn mot det regionale og



nasjonale nivået. Vi vil bli langt mindre sårbar enn dei små kommunane er i dag, der det gjerne berre er ein person som jobbar innanfor ein del fagfelt, kanskje spesielt innanfor plan og utvikling.

– Kva trur du blir konsekvensen av å stå åleine som kommune i framtida?

– Det blir langt tøffare økonomisk. Kutta vi ser i dag blir småtterer om ein blir ståande som ein liten kommune utan folkevekst på landssnittet og etter eit nytt inntektssystem der truleg småkommunetilskotet er vekke.

– Kvifor er det så stor motstand mot kommunesamanslåing blant folk?

– Folk er redde for at dei tenestene som er nær dei i dag skal bli ytterlegare sentraliserte, og at ein større kommune skal gje utkantane langt dårlegare innflytelse enn det ein har i dag.

– Kva vil ein storkommune bety for innbyggjarane i din kommune?

– Tenester som skule og helse vil i liten grad bli endra (litt endring på skulestruktur på sikt), men truleg vil nokre administrative jobbar i dei noverande kommunesentra bli flytta til det nye kommunesenteret, eller effektiviserte vekk.

– Kvifor er det ikkje større engasjement rundt spørsmålet om kommunesamanslåing?

– Vi som er leiande lokalpolitikarar burde vere tydelegare og teke fleire debattar i media om dette, i staden for å pakke det inn i frykt for valresultatet. Vi har i liten grad greidd å få til offentlege meningsbrytingar om dette, og det har nok påverka det labre engasjementet.

Fjaler kommune

1 Innbyggartal: 2820

Ordfører:

Påtroppande: Gunhild Berge Stang (V), avtroppande: Arve Helle (Ap)

Rådmann: Ola Hovland

Administrasjonsstad: Dale

Innbyggarnamn: Fjalerbu

Fem største næringar i tal sysselsette: (Tal frå 2014):

Helse- og sosialtenester: 342

Undervisning: 171

Bygge- og anleggsværksem: 147

Jordbruk, skogbruk og fiske: 139

Varehandel, reperasjon av motorvagnar: 126

TOTALT 1.260 SYSSELSETTE

2 Arbeidsløye Fjaler: 1,6 prosent av arbeidsstyrken. 21 personar utan arbeid.

www.fjaler.kommune.no

1 Folketal henta frå SSB for 2. kvartal 2015.

2 Arbeidsløye: Tal for 2. kvartal 2015 henta frå Nav Sogn og Fjordane.

Dagunn Bortheim



Vi vil ikkje inn i noko Førde-kommune! Å bli del av HAFS er noko heilt anna, for det er eit

samarbeid som kan gjer Fjaler godt. Blir vi del av Førde-storkommunen, så ender vi opp som ein utkant med færre tenester. Vi har det så bra i Fjaler no, og eg håpar vi slepp å bli tvinga inn i eit samarbeid.

Johanne Haugsbø

SKULELEIV



Eg trur mykje blir flytta til Førde i ein storkommune. Det vil føre til mindre aktivitet i Fjaler,


noko som igjen vil påverke innbyggartalet. Om det blir krav om å slå seg saman, vil eg heller at vi slår oss saman i HAFS, for då er alle små kommunar og alle stiller likt. Det blir mindre sjanse for utklasing.

Terje Salbu

BEDRIFTSEIGAR OG DAGLEG LEIAR



Eg tenker at når fleire små kommunar skal samarbeide, så er det mogleg å gjer innsparingar på drift. I dag sit mange og gjer same jobben i kommunane. Likevel er det ikkje sikkert at stort er betre enn lite. Men eg trur at eit samarbeid skaper sterkare einingar, og vi ser allereie samarbeid mellom kommunane innan t.d. landbruk og barnvern.



Terje Heggheim

RÅDMANN



– Kva er fordelene med ein større kommune for din kommune og for regionen som heilskap?

– Ein større kommune vil stå betre rusta, ikkje minst økonomisk, noko alle innbyggjarane vil tene på. For regionen

vil ein større kommune vere attraktiv som bu- og arbeidsområde.

– Kva trur du blir konsekvensen av å stå åleine som kommune i framtida?

– Det vil bli langt tøffare økonomisk å stå aleine.

– Kvifor er det så stor motstand mot kommunesamanslåing blant folk?

– Kommunesamanslåing utfordrar kjensler. Det utfordrar velmurde strukturar, det vi tilhøyrer og det vi refererer til. Det er alltid lettare å vere i mot noko. Det er vanskeleg å argumentere for ei kommunesamanslåing når mobiliseringa i mot er stor.

– Kva vil ein storkommune bety for innbyggjarane i din kommune?

– Ein storkommune vil bety dei same og til dels betre tenester for innbyggjarane. Ingen arbeidsplassar forsvinn som følgje av kommunesamanslåing. Det er likevel klart at vi ikkje har trong for 10 rådmenn eller 40 kommunalsjefar. Di nærare du sit rådmannen, di større er sjansen for at du vert påverka av reforma.

– Kvifor er det ikkje større engasjement rundt spørsmålet om kommunesamanslåing?

– Det same som ved låg valdeltaking. Når alt kjem til alt; vi har det for godt.

Ola Teigen (Ap)

PÅTROPANDE ORDFØRAR



– Kva er fordelene med ein større kommune for din kommune og for regionen som heilskap?

– Største fordelene er meir kjøtvekt bak krava. Stemma er sterkare om det står 50.000 menneske bak same mål, enn om ti

kommunar jobbar kvar for seg, kanskje i konkurranse med dei ni andre.

– Kva trur du blir konsekvensen av å stå åleine som kommune i framtida?

– For mange kommunar vil det vere utfordringar med å rekruttere kompetanse. For Flora kan dette derimot verte eit høve for å tilby tenester til mindre kommunar, som ikkje klarar å bygge naudsynt kompetanse. Det betyr at vi kan utvikle større fagmiljø enn vi elles kan bygge.

– Kvifor er det så stor motstand mot kommunesamanslåing blant folk?

– Folk forstår ikkje poenget med reforma og med dei inntektene og oppgåvene som hittil har



Foto: Joachim Vie / Rein Design

følgd med, kan det vere krevjande sjølv for kommunereformentusiastar å la seg begeistre.

– Kva vil ein storkommune bety for innbyggjarane i din kommune?

– I det daglege vil vi få merke endringar som resultat av reforma. Og mange endringar vil skje uavhengig av den. Legevakt og samhandlingsreforma ser ut til å bli sentralisert uavhengig av reforma, med unntak av i Flora. Flora ville nok miste legevakt og i neste runde øyeblikkeleg hjelp om vi kom inn i eit Stor-Sunnfjord. På den andre sida kunne det vere fint om fleire kommunar sto bak oss i krav om å utvikle vår kommune. Skulane hadde vi nok fått behalde og småskular rundt kommunegrensene ville kanskje fått styrka grunnlaget sitt.

– Kvifor er det ikkje større engasjement rundt spørsmålet om kommunesamanslåing?

– Eg trur spørsmålet har ein gal premiss, kommunereforma har stort engasjement, men få er positive. Det er fordi folk ikkje er overtydde om at reforma er naudsynt.

Bengt Solheim-Olsen (H)

AVTROPANDE ORDFØRAR



– Kva er fordelene med ein større kommune for din kommune og for regionen som heilskap?

– For regionen vil ein større kommune vere attraktiv som eit heilskapleg bu- og arbeidsområde, og sikre ei betre

overordna planlegging.

– Kva trur du blir konsekvensen av å stå åleine som kommune i framtida?

– Inntektssystemet kan gje endringar som gjer det vanskelegare å vere liten.

– Kvifor er det så stor motstand mot kommunesamanslåing blant folk?

– Dette handlar om følelsar, og frykt for det nye. Og det er forståeleg.

– Kva vil ein storkommune bety for innbyggjarane i din kommune?

– Mulegheita ligg i å skape eit kraftsenter i Sunnfjord rundt Florø og Førde, som kan vere ei motvekt mot sentraliseringa til andre delar av landet.

– Kvifor er det ikkje større engasjement rundt spørsmålet om kommunesamanslåing?

– Folk er opptekne av tinga dei møter i kvardagen. Kommunereforma blir for spesielt interesserte.

Flora kommune

¹ Innbyggartal: 11.951
 Ordførar: Påtroppande: Ola Teigen (Ap), avtroppande: Bengt Solheim-Olsen (H)
 Rådmann: Terje Heggheim
 Administrasjonsstad: Florø
 Innbyggarnamn: Florøværing
 Fem største næringar i tal sysselsette: (Tal frå 2014):
 Helse og sosialtenester: 994
 Transport og lagring: 818
 Industri: 739
 Varehandel, reparasjon av motorvogner: 602
 Bygge- og anleggsværksemnd: 522
TOTALT 6.001 SYSSELSETTE
² Arbeidsløye Flora: 3,6 prosent av arbeidsstyrken. 225 personar utan arbeid.
 www.flora.kommune.no
¹ Folketal henta frå SSB for 2. kvartal 2015.
² Arbeidsløye: Tal for 2. kvartal 2015 henta frå Nav Sogn og Fjordane.



Ole Petter Olsen

MATROS
 Eg trur det kan komme både godt og vondt ut av ein storkommune. Saman er vi meir slagkraftige, men eg er redd Florø forsvinn litt oppi det her. Og mest redd er eg for at kystnæringa blir nedprioritert og ikkje satsa på. Eg heller mot nei.



Bergit Karstad

PENJONIST
 Ei kommunesamanslåing vil vere dårleg for Florø. Eg trur vi vil miste både flyplassen og helsetilbod om vi slår oss saman med Førde og fleire. Vi har det så bra no, kvifor skal vi styre og rote med dette då? Eg er veldig i mot ei samanslåing.



Synneve Rundereim

VEKTAR
 Eg er redd vi misser tenester og tilbod til Førde ved ei kommunesamanslåing. Alt i frå butikkar til kommunale tenester. Eg er ikkje interessert i å bruke dagen min på å reise til Førde for å få gjort ting. Eg trur ikkje det blir noko av.


Norges største kommunar

Kvar ville ein ny storkommune bestående av Sunnfjord, Gloppen og HAFS plassert seg i storleik i norsk samanheng?


Til høgre er lista over Norges 20 største kommunar per 2014.

Ein ny storkommune bestående av kommunane Askvoll, Flora, Førde, Gloppen, Fjaler, Gaular, Hyllestad, Jølster, Naustdal og Solund ville fått eit innbyggartal på 47.198 innbyggjarar (tal frå 2015). Altså litt forbi Ålesund kommune, som ligg på 16. plass på lista over landets største kommunar. Det ville gjort kommunen til den fjerde største kommunen på Vestlandet.

Lista vil endre seg etterkvart som kommunar blir slått saman. Blant anna vil nye Sandefjord kommune frå 1. januar 2017 få cirka 60.000 innbyggjarar, og rykke opp frå 17. til 11. plass, rett over Asker.



4,5 timar frå aust til vest



Ein storkommune med Gloppen i aust og Solund i vest, blir ein gigant. Frå Hestenesøyra i Gloppen til Hardbakke i Solund er avstanden 205,3 kilometer.

Det tek 3,5 timar i bil og ein time med ferje for dei å vitje kvarandre. Frå Hestenesøyra er det 1 time og 22 minutt til Førde – frå Hardbakke nær tre timar. Korleis ser folk frå desse stadane på ei potensiell framtid med ordførar og kommunesenter i Førde? Og kva tenker dei som bur nærast kommunehuset?

Anne Marie Gåsvær Færøy er lokalpolitikar for Sp og bur på Gåsvær i Solund. Stort lenger veg til kommunesenter i storkommunemodellen får du ikkje.

KORTARE TIL BERGEN

– Førde er og blir eit regionsenter, om det blir kommunesamanslåing eller ei, på linje med Bergen for oss i Solund. Eg brukar minst fire timar heimafrå til Førde med offentleg transport. Med privatbil 3,5 timar. Frå kommunesenteret Hardbakke brukar ein



Anne Marie Gåsvær Færøy. Foto: Privat

tre timar til Førde, då utan å rekne inn tryggleiksmargin for å rekke ferje. Bur ein i ytre Solund må ein tilpasse reisa til to ferjer. Eg syns storkommunen blir alt for stor. Eg ser ikkje mange fordelar for Solund med å slå seg saman med andre kommunar, seier ho og svarar på spørsmålet om folk er opptekne av dette.

– Om ein ser på oppmøte i høve folkemøta som har vore her, er eg litt usikker på kor opptekne folk er av det. Kanskje tenkjer dei at dette er det politikarane som må ta seg av? Men eg har ikkje treft på nokon som direkte ivrar for samanslåingar her i kommunen.

MISSER LOKALKUNNSKAP

– Spelar det noko rolle om kommunehuset ligg i Hardbakk eller Førde sånn reint praktisk?

– Plasseringa av kommunehuset fysisisk er ikkje hovudutfordringa ved ei samanslåing. Folk flest er knapt innom eit kommunehus i dag, det meste vert teke per telefon eller epost. Det eg tenker er negativt, er at mykje av lokalkunnskapen blir borte på vegen. Avstandane blir for store til dei som skal tene folket. Fordelen i dag er at vi er få, og kjenner dei som sit og behandlar saker, på godt og vondt, seier ho og fortel ho fryktar at Solund vil bli svekka av samanslåing.

– Utfordringa for Solund er å oppretthalde folketalet. Vi er eit lite samfunn, og sårbare for endringar. Å miste mange arbeidsplassar i administrasjonen kan bety at fleire familiar flyttar. Det er ein illusjon å tru at ein held fram med desentraliserte jobbar rundt om i kommunane på sikt. Kommunesenteret må vere ein base for alle tilsette – elles oppnår ein ikkje poenget med samanslåing. Solund er med i mange interkommunale samarbeid

i ulike retningar, fordi ein er for liten i ein del høve. Ved alle samarbeid vi har inngått, har arbeidsplassane vorte sentraliserte til meir sentrale strøk enn Solund, grunna reiseavstandar, seier ho.

– Det blir og snakka lite om framtidig politisk påverknad. Eg tenker at makt vert flytta til meir sentrale strøk, og stadane det bur mest folk får mest å seie for kva politikk som skal førest. Kor mange representantar får Solund inn i eit framtidig kommunestyre. Korleis skal ein i framtida engasjere folk politisk, og få det til rein praktisk i ein storkommune?

– VI ER OG BLIR EIN ØYKOMMUNE

– Trur du Solund kan bestå som eigen kommune i framtida?

– Det avgjer dei økonomiske rammene ein får frå sentralt hald. Å oppretthalde folketalet i kommunen er viktig. Det trur eg vi gjer best ved å vere eigen kommune og ha fokus på vår eiga utvikling. Vi er og blir ein øykommune. Uansett samanslåing med andre kommunar må vi jobbe for å betre/oppretthalde kommunikasjonar på sjøen. Om ein samanliknar reisetid med offentleg transport har vi i dag ein halv time kortare reisetid til Bergen sentrum enn til Førde. Sambandet på kysten er viktig, og det å korte ned reiseavstanden til Bergen er viktig å jobbe med. Eg tenker at om vi blir for små til å bestå som eigen kommune på sikt, er det ikkje nok kroken blir sett på døra for å slå seg saman med andre for all framtid. Og då har vi funne det ut sjølv, og ikkje blitt fortalt det av andre. Det er vel det lokaldemokratiet sin jobb skal vere?

MIDT I KOMMUNESMØRAUGET

Ein storkommune betyr lenger veg til kommunehuset for mange.

Få kan «skryte på seg» kortare veg til rådhuset enn Frode Berge Hovland. Utsikta frå stova er dominert av rådhuset i Førde. Han kan koke kaffi, sette koppen på bordet, tusle ned og helse på ordføraren og rusle heim i tide til kaffien har perfekt drikketemperatur.

– For meg betyr ikkje nærleiken til rådhuset så mykje. Eg tenkjer meir på det som eit signalbygg og ein flott samlingsstad, enn kva tenester ein kan få innfor husets fire veggar. Med dagens teknologi treng ein ikkje vitje kommunehuset ofte. Ein nær dei fleste tenester digitalt. Men det er lett å tenke slik når du bur i Førde. Tenester ein har lett tilgang til blir sjølv sagt. Vi tenker nok mindre på problem knytt til reiseavstand og spreidd tenestetilbod enn i utkantar, og er nok også mindre opptatt av spørsmålet om samanslåing. I Førde vaknar vi først når debatten handlar om at fylket kan forsvinne.

– Kva tenkjer du om ein større kommune med Førde som administrasjonssenter?

– Spesielt Førde, Naustdal, Gaular og Jølster er gjensidig avhengige av kvarandre i høve bustad, jobb og næring. Eg trur dei fire har mykje å tene på å samarbeide meir. Førde har og eit ansvar for å utvikle den vekstkrafta næringslivet, høgskulen, helseforetak og dei offentlege tenestene ein har her, både for regionen og fylket sin del. Vi kan ikkje

vere oss sjølv nok. Førde er kommunen med flest arbeidsplassar i fylket, og som motor i regionen har vi eit ansvar som vi må ta vidare: Utvikle tinga vi alt er gode på, tenke nytt og skape fleire jobbar for å auke folketallet både i kommunen og i omlandet. I dag har ein mange interkommunale samarbeid. Slik eg har forstått Høgre sitt syn er dette med på å svekke lokaldemokratiet. Dei meiner at denne reforma blant anna skal styrke lokaldemokratiet. Eg er vel for kommunesamanslåing. Men ikkje for ein kvar pris. Og det kan vere andre måtar å samarbeide på som er meir naturleg? Eg er like usikker på dette som dei fleste, men det er ikkje sikkert vi syns samanslåing var rett når vi ser tilbake om nokre år. Då kan det hende vi ser betre måtar å løyse ting på.

UTFORDRINGAR – OG MOGLEGHEITER

– Ser du for deg utfordringar i ein slik samanslåingsprosess?

– Ja, når oppgaver og ansvar for alvor skal fordelast. Først då merkar ein om dette blir meir enn eit tankespel, seier han og nemner moglege fordelar med ein storkommune.

– Ein kan ha mange fagområde med små, kanskje også fråverande, tenester. Ein større kommune kan bygge opp under dei små, og kanskje bidra til at ein utviklar tenester som ikkje er der i dag. Eg jobbar i eit ressurs- og kompetansesenter i NAV, og ser at kompetansen på nokre område kan bli for liten. Det kan vere krevjande for små kommunar å trekke til seg kompetanse for å bygge fagmiljø. Samfunnet står og føre store utfordringar. Vi får stadig fleire eldre – og færre hender som skal gje omsorg. Då er det viktig å bygge livskraftige, mangfaldige samfunn, som legg til rette for nyttenking og nyvinning, seier Frode, og fortel at mange han har snakka med er skeptiske samanslåing.

– Men mange opnar opp for dette – om det er dei næraste kommunane: Nausdal, Gaular og Jølster. Det er det alternativet eg sjølv ser som mest realistisk, om det i det heile blir ei samanslåing, seier han.

Fram til no har han ikkje sakna meir informasjon.

– Dei som sit i desse diskusjonane har vel ikkje så mykje konkret å gje, anna enn tru, håp og litt synsing, ler han.

– Men det er nok eit tema folk flest veit for lite om. Og konsekvensar i praksis er nok ukjent materiale for dei alle fleste.

FØRDE OG FLORØ = SANT?

– Kva tenker du som fordianar om ein samkommune med vår gamle «erkerival» Florø?

– Der må eg berre svare eit stor nei, ler han, og blir alvorleg att.

– Aksent Forde-Florø har eit stort potensiale, og har hatt god utvikling sidan ein slo hol «i fjellet». Vi samarbeider godt på mange felt. Det er viktig både for oss og fylket. Men eg trur kulturskilnadane mellom Førde og Florø er for store. Eg trur ikkje det er mange som inst inne har trua. Ein er berre ikkje klar for å vedgå at det ikkje er moglege enno. Byane har komme eit stykke på veg når det gjeld betre forståing av kvarandre. Men når vi snakkar om samanslåing, byrjar vi å snakke om kjensler. Og då



Frode Berge Hovland. Foto: Roy Sunde

blir alt verre, seier Frode.

– Industri- og næringsssamskipnadene i byane snakkar godt saman, og har gjeve grunnlag for å heve forholdet opp frå den gjensidige nedsnakkinga ein dreiv i gamle dagar. Ein snakkar finare om kvarandre no, og ser stadig fleire moglegheiter. Men eg ser det ikkje som realistisk å slå desse to i hop. Eg er usikker på om eg ønskjer det sjølv og, smiler han.

– Når eg tenker på det kjenner eg at det bremisar. Det ligg noko der. Og dersom det ikkje er tufta i ryggmergen, er det hardt å få eit godt resultat. Eg trur at når det byrjar å spise seg til med funksjonar og jobbar – då skjer det noko emosjonelt.

– Men ein har ein signert intensjonsavtale, hadde du trudd det for 10-20 år sidan?

– Nei det kan du seie. Det handlar nok også om press frå regjeringa. I to Høgrestyrte kommunar i førre periode kan ein ikkje berre sjå vekk frå dette. Men derfrå til storkommune trur eg blir ei striare reise.

For folk i Førde blir det ingen geografisk endring.

EIT PAR TIMAR UNNA KOMMUNEHUSET

Solund er den vestlege ytterkanten i storkommune-modellen. Mot aust er Skjerdal i Gloppen motpol. Der bur Jens Skjerdal, som driv gardsbruk og kraftverk.

Skjerdal ligg på vestsida av Høyfjorden, like ved Hestenesøyra. Grenda er veglaus – så Skjerdal må bruke både båt og bil til rådhuset på Sandane: 4-5 minutt i båt og 20 minutt totalt. Om Gloppen endar i samkommune med Førde mangedoblar det seg – til nesten to timar.

– Eg er på kommunehuset annakvar månad i snitt. I dag går mykje via data, og ein må ikkje like hyppig innom, seier Skjerdal, som likevel meiner



Jens Skjerdal. Foto: Jan Nik Hansen / Firda Tidend

det spelar ei rolle om kommunehuset er på Sandane eller Førde.

– Alle vil helst ha kommunesenteret nær seg. Førde er for langt unna. Eg ser ikkje positivt på det. Førde er eit relativt stort senter, så eigeninteresse vil spele sterkt inn, mens dei andre kommunane og sentera er høvesvis små. Eg trur vi ville blitt stmoderleg behandla. Skal ein slå saman kommunar må det ligge felles identitet og samhoer i botnen. Om Gloppen gjekk inn i eit «Storsunnfjord», vart vi ikkje sunnfjordingar over natta. Vi ville framleis vore nordfjordingar. Lokal- og regionalidentiteten er sterke saker, seier han, så eg har lite tru på at storkommunen blir realitet. Skal ein først skal slå saman kommunar her, vil eg heller ha slått saman heile Nordfjord. Det hadde vore lettare å få til. Det handlar om identitet – vi har ei felles oppfatning av oss som nordfjordingar. Det gjer det lettare å slå saman Nordfjordkommunane enn å gå over til Sunnfjord. Slik føler eg det i alle fall.

– Ville det ikkje blitt litt krancling om ein skulle slå i hop heile Nordfjord?

– Det ville nok blitt litt krancling i starten, om funksjonar og kvar senteret skulle ligge. Det ville blitt første stridsspørsmålet, ler han.

– Men så går det seg til. Det såg ein i førre runde med samanslåing. Eigeninteresse spelar inn i starten – så går det seg til. Og det ganske fort.

TEK IKKJE STØRSTE MODELLEN PÅ ALVOR

– Er dette med kommunesamanslåing noko du og andre i kommunen din er opptekne av?

– Ikkje veldig. Vi har ikkje teke det på alvor så langt. Det er ikkje mange som trur storkommunen blir realisert. Dei fleste ser det blir vanskeleg å få til. Alle kommunar har sine særinteresser. Og ein har utfordringar knytt til rike og fattige kommunar.

Gloppen har til dømes store kraftressursar som måtte fordelast på fleire. Om det nærmar seg å bli alvor, blir det nok eit større diskusjonstema.

– Kva var første tanken som slo deg då det byrja å bli snakk om kommunesamanslåing igjen?

– Kan hende det hadde blitt mindre administrasjon ut av det, men eg er slett ikkje sikker på om det hadde blitt resultatet heller, ler han.

– Trur du det kjem til å bli kommunesamanslåingar i regionen din?

– Det trur eg tvingar seg fram. Men ikkje variantar med heile Sunnfjord eller Nordfjord. Eg trur det blir tre-fire større kommunar i Nordfjord, seier Skjerdal, som ikkje trur kommunesamanslåingar er dumt, om det er til «naturlige» einingar.

– På 60-talet slo fleire småkommunar her i fylket seg saman. Eg trur ingen av dei ønskjer å gå tilbake på det. Dei er glade for at dei slo seg saman. Eg er positiv til samanslåingar om ein tenker heile Nordfjord, eller Gloppen, Stryn og Eid. Gloppen og Eid har nære band. Eg er meir tvilande til Stryn. Dei hallar nok naturleg meir mot Sunnmøre, saman med Hornindal. Eg trur ikkje Gloppen består som eigen kommune langt fram i tid. Vi endar nok saman med ein eller to kommunar til etterkvart. Det treng ikkje vere til det beste – men eg trur det skjer.

– Ser du noko positivt med ein storkommune frå Solund til Gloppen?

– Den ville fått eit fått eit sær variert næringsliv, industri- og tenestetilbod. Og større slagkraft enn enkeltkommunane har kvar for seg. Ein modell med heile Nordfjord hadde også fått eit veldig variert og industri- og næringsliv, og blitt ein sterk kommune.

VILLE KLART SEG BRUKTBART

– Trur du Gloppen vil klare seg på eigen hand?

– Det trur eg ville gått brukbart, i alle fall nokre år fram. Vi har klart oss bra til no. Det som kan bli ei utfordring er at Gloppen er ein jordbrukskommune. Og jordbruket, som vi er vant med det, har endra seg mykje fram til i dag og vil endre seg meir. Det synest som staten ønskjer å lønne dei store einingane som har folketalsvekst. Jo større dei er – jo større belønning. Det kan på sikt føre til at Gloppen får mindre overføringar frå staten, med dei konsekvensane det medfører. Fordelen med å stå aleine er at vi veit kva vi har, men ikkje kva vi får. Gloppen er ein god kommune, men vi veit ikkje kva vi får i ei større eining.

– Det står i intensjonsavtalane at skular skal ligge der dei ligg, saman med barnehagar og helse-tenester. Samt at ingen skal seiast opp som følgje av dette. Festar du litt til det?

– Det vil nok vere haldbart ei tid – men det kan komme nye reformer etterkvart. Og då blir det nok lettare å flytte eller legge ned tilbod, sidan kvar tidlegare kommune har færre lokale politikarar i det nye kommunestyret som kan kjempe for sitt næringsområde. Og så kjem det jo an på folketalsutvikling, elevtal og slike ting. Men eg fryktar ikkje at Gloppen skal misse arbeidsplassar. Eg fryktar heller ikkje kommunesamanslåing, om det er fornuftige samanslåingar, avsluttar Skjerdal.



Marit Solheim. Foto: Stine Bortheim / Rein Design

Ryddig prosess

Kommunesamanslåing vedrører mange tilsette i dei ti kommunane som er med i utreiingsarbeidet. Difor er representantar for UNIO, LO, YS og Akademikerene trekt inn i prosjektgruppa.

– Arbeidstakarorganisasjonane som var med frå start fortel om ein ryddig, god prosess. Og no er alle fire hovudsamanslutningane, UNIO, LO, YS og Akademikerene, med. Då når vi ut til alle medlemene våre, og sikrar at deira rettar og interesser blir ivaretekte. Vi føler ikkje vi manglar informasjon så langt, seier Marit Solheim. Ho er hovudtillitsvalgt for Delta i Førde kommune, representerer YS i prosjektgruppa og uttalar seg på vegne av dei ulike arbeidstakarorganisasjonane.

Ho fortel at desse ikkje tek stilling til om ein skal slå saman kommunar eller ei.


– Dei fleste organisasjonane er verken for eller mot. Vår rolle er å sjå til at medlemene sine retter blir ivaretekte, både i denne prosessen, og elles. Når det eventuelt kjem ei konkret samanslåing på bordet, startar vår oppgave for alvor. Då får ein noko konkret å ta fatt i, og byrjar å sjå kva utslag det vil gje og kvar. Og det er skilnad på om vi endar med ein storkommune på ti, eller ein modell med fire kommunar slått saman.

LITE FRYKT TIL NO

Arbeidstakarorganisasjonane har ikkje

registrert uro blant medlemene om kommune-reforma.

– Enn så lenge er dette meir ei «politisk» sak. Vi er ikkje komen ned på det punktet at dei tilsette har teke inn over seg spørsmålet for fullt. Etter kvart som dette blir meir konkret, vil nok dei tilsette engasjere seg meir i dette. Det er og litt tidleg i prosessen å seie noko om folk fryktar for jobbane sine. Intensjonsavtalane seier at basistenesene: Barnehagar, skular, helsetenester og så vidare, skal vere i lokal-samfunna dei ligg i no. Enkelte fryktar nok for sentralisering og flytting av tenester. I alle fall om det blir den største modellen, men der legg ein opp til servicetorg lokalt. Vi må vere budde på at det kan komme endringar av stillingar og oppgaver etterkvart. Dei som jobbar i reine rådhusfunksjonar, på leiarnivå, er nok mest utsett. Vi representerer eit breitt utval av tilsette i ulike fag. Nokre av dei ser nok eit større fagmiljø som ein styrke, medan andre utfører basisteneser ute i feltet og ikkje på same vis kan gå inn i eit sentralisert og større fagmiljø. Meinngane om ein er for eller mot vil variere veldig, seier Solheim.



Børge Tvedt
RÅDMANN



– Kva er fordelene med ein større kommune for din kommune og for regionen som heilskap?

– Kommunane i regionen ønskjer alle å gje best mogleg teneste til deg som innbyggjar. Mange bur i ein kom-

mune og jobbar i ein annan. Ein større kommune gjev større fridom til å nytte tenester der det er mest naturleg for deg og din familie. Meir heilskapleg planlegging og styring av utviklinga i regionen er truleg den største vinsten for innbyggjarane. Ein større kommune kan vere betre i stand til å løyse oppgåvene vi har i dag. Vi kan i større grad bruke meir ressursar der behova er størst, og mindre der oppgåvene er samanfallande. Jobbane kan og bli meir attraktive, då vi kan få større kompetansetilgjenglegheit på fagområde der det i dag sit ein person aleine. Mange tilsette kan også i større grad nytte kompetansen sin på meir relevante oppgåver.

– Kva trur du blir konsekvensen av å stå åleine som kommune i framtida?

– Kommunen har stor breidde i tenestetilbodet og kravet til kvalitet er svært høgt. Samstundes er ressursane til kommunen avgrensa, og kompleksiteten i ein del fagområde aukande. Det er krevjande for kommunen alt no. Nokre konsekvensar av å stå aleine: Utfordrande kommuneøkonomi! Det vil vere vanskeleg å balansere mellom behov for administrasjon, høge krav til fagutvikling og å levere basistjenester til folk innan dei store tenesteområda helse og omsorg, skule og barnehage. Kommunen vil ha utfordringar med å rekruttere arbeidstakarar med rett kompetanse på ein del tenesteområde, og vil vere svært sårbar på mange tenesteområde der det i dag berre er ein eller mindre stillingar i kommunen. Om ein vel å stå åleine vil ein behalde fordelene med å prioritere utvikling og tenestetilbod sjølv.

– Kva vil ein storkommune bety for innbyggjarane i din kommune?

– Intensjonsavtalane legg opp til at større tenester som skular, sjukeheimar, helsetenester, barnehagar og kulturtilbod vert liggande der dei er i dag. Desse arbeidsplassane vert ikkje endra. Ein storkommune vil betre kunne tilby varierte og fleksible tenester. Arbeidsplassar på kommunehuset vert i stor grad flytta til nytt kommunesenter i Førde, men det skal vere servicetorg i noverande kommunehus der folk kan få utført tenester, og få dialog med meir spesialiserte tenester gjennom video/IKT-løysingar. Tilsette skal ha høve til å



Foto: Randi Holt / Alf Helgheim & Co

jobbe desentralisert og intensjonsavtalen legg til grunn at ein skal jobbe for god spreiding av kommunale arbeidsplassar.

– Kva vil ein storkommune bety for innbyggjarane i din kommune?

– Innbyggjarane har vorte lite involvert i arbeidet. Dette har så langt mest vore eit tema for politikarar, leiarar og tillitsvalde i kommunane. Kommunesamanslåing er eit komplisert tema som det kan vere vanskeleg for innbyggjarane å få innsikt i og engasjere seg i.

Oddmund Klakegg (Sp)

ORDFØRAR



– Kva er fordelene med ein større kommune for din kommune og for regionen som heilskap?

– Med den kvaliteten vi i dag maktar å levere på kommunale tenester og med dei strukturane kommunen

er organisert kring, ser eg ikkje behov for saman-

slåingsprosessen vi er inne i for Jølster kommune sin del. For meg verkar reforma si hensikt å redusere offentleg pengebruk og sentralisere folk tettare inn mot storbyar. Eg ser den som eit verktyg for å avvikle eit sterkt lokaldemokrati i distrikta, for å flytte meir makt tilbake til embetsverket og storbyar. Reforma er og organisert slik at vi skal ta stilling til ny kommunestruktur før vi vert kjende med kommunane sitt nye inntektssystem. Men vi ser alt mange endringar og forslag til endringar i skatte- og inntektssystemet som vil svekke kommuneøkonomien og evne til å drive gode skular, barnehagar og helse- og omsorgstenester i framtida. For regionen vil reforma truleg skape vekst og auka tal arbeidsplassar for det nye kommunesenteret, og Førde vil styrke seg som regionssenter. Men regionen vil ikkje automatisk få tilført nye arbeidsplassar eller vekst som resultat av reforma. Staten har ikkje lovd nye arbeidsoppgåver til kommunane av tyding.

– Kva trur du blir konsekvensane av å stå åleine som kommune i framtida?

– Det vert avgjort av sentrale myndigheiter og deira iver etter å sentralisere offentlege oppgåver. Eg håpar den politiske viljen er til stades for ei utvikling, der ein ser behovet for ei desentralisert

busetting med bruk av naturressursane i heile landet. Det er trass alt her verdiskapinga har vore og blir i framtida. Dette med å nytte landet har til no vore nøkkelen for den velferdsstaten Norge har blitt. Når det gjeld samanslåingsprosessane Jølster er ein del av, er det mitt syn at jølstringane sjølve må få bestemme ved folkeavrøysting. Eg ser det kan bli tungt å drive kommunen vidare om vesentlege inntekter vert fjerna og kommunar kring oss finn saman i større einingar. Men eg er overtydd om at kvaliteten på den kommunale drifta, og det lokale initiativet for å skape aktivitet og næring, vert svekka om Jølster blir del av ein storkommune. Om ein skal makte å samle ein kommune som kan driftast i lag og styrt i ei retning, ser eg ikkje andre alternativ ein Indre Sunnfjord beståande av Gaular, Førde, Naustdal og Jølster. Ein styrke for den konstallasjonen og for Jølster er om Gloppen og er del av dette. Per no er ikkje det eit alternativ, sjølv om vi ynskjer Gloppen med i ein framtidig storkommune i Indre Sunnfjord.

– Kva vil ein storkommune bety for innbyggjarane i din kommune?

– Trugslar om både juridisk og økonomisk tvang. Men om staten ikkje kan nytte desse

verkemiddela vert det vel heller ikkje noko av reforma, og resultatet vert eit gedigent «mageplask» for sittande regjering. Samanslåing bør skje via frivilligheit. Det ligg mykje kjensler og identitet knytt til kommunen Jølster, som har eksistert som eige administrativt område i sær lang tid og som eigen kommune sidan 1838. Ein skal ikkje kimse av identitet, sjølvkjensle og viljen for å skape noko for sitt eige lokalsamfunn. Viljen og identiteten er truleg distrikta sin viktigaste ressurs for vekst og utvikling.

– Kva vil ein storkommune bety for innbyggjarane i din kommune?

– Gradvis nedbygging av eige tenesteapparat og flytting av mange viktige arbeidsplassar, ikkje minst av kompetansesarbeidsplassar som distrikta i dag har lite av. Jølster leverer gode tenester på høgde med dei beste kommunane i landet, og organisasjonen har svært høg og relevant kompetanse. Eg ser ikkje vinning for innbyggjarane på kort sikt. Men styrking av Førde som regionssenter har – og vil ha – tyding for Jølster. Det som er bra for Førde er som oftast bra for Jølster og.

– Kva vil ein storkommune bety for innbyggjarane i din kommune?

– Innbyggjarane har i liten grad vore involvert i arbeidet. Kommunesamanslåing har så langt mest vore ein prosess for politikarar, leiarar og tillitsvalde i kommunen. Utgreiingsarbeidet har konsentrert seg om dei overordna linjene, der ein i liten grad har sett på verknadane av samanslåing for dei tenestene som er nær folk flest. Ein har ikkje vurdert konsekvensar, verken på kort eller lang sikt, for tenester som barnehage, skule, helse og omsorg. Bak prosessen ligg eit ynskje om å redusere offentleg pengebruk. Det vil for eller seinare påverke dei velferdstenestene kvar enkelt får frå kommunen sin, nær der dei bur og lever liva sine. Får ein prosessen ned på dette nivået, vil engasjementet auke vesentleg.

Jølster kommune

¹ **Innbyggartal:** 3.021
Ordførar: Oddmund Klakegg (Sp)
Rådmann: Børge Tvedt
Administrasjonsstad: Skei
Innbyggarnamn: Jølstring
Fem største næringar i tal sysselsette: (Tal frå 2014):
Helse- og sosialtenester: 272
Bygge- og anleggsverksemd: 184
Varehandel, reparasjon av motorvogner: 136
Jordbruk, skogbruk og fiske: 132
Undervisning: 87
I ALT 1.009 SYSSELSETTE
² **Arbeidsløyse Jølster:** 1,3 prosent av arbeidsstyrken. 21 personar utan arbeid.
www.jolster.kommune.no
¹ *Folketal henta frå SSB for 2. kvartal 2015.*
² *Arbeidsløyse: Tal for 2. kvartal 2015 henta frå Nav Sogn og Fjordane.*

Erling Ullaland

PENSJONIST



Jølster er ein liten kommune, og kan komme godt ut av eit samarbeid. Det er utfordrande

økonomisk å stå åleine, og mange kommunar slit. Den største utfordringa kjem når kommunane skal fordele alt dette. Kjem det noko godt ut av det? Og blir dei einige? Eg tvilar. Eg ser ikkje for meg at kommunane kjem til einighet om kva som skal ligge kor og kven som får kva.

Lilliann Haugen

BUTIKKMEDARBEIDAR



Eg trur Skei blir nedprioritert i ei samanslåing. Vi blir ein utkant, og det går utover

skular og arbeidsplassar. Jølster endar opp som mindre attraktivt, noko som igjen vil gå utover innbyggjartalet. Dei seier at tilboda vil bli betre, men eg har ikkje trua på det. Storkommunane kjem, så det er uansett berre til å førebu seg.


Hallvard Viken

BEDRIFTSLEIAR



Eg har til no ikkje sett argument som gjer at dette er fordelaktig for Jølster, og ingen

økonomiske innsparingar. Folk i Jølster er nøgde med tenestetilbodet i dag, og kommunen ender opp med å miste eigne arbeidsplassar, når ein eigentleg prøver å skape nye. Eg torer ikkje seie om det blir noko av, men her i området er det lite interesse for ein storkommune.



Bente Nesse

RÅDMANN



– Kva er fordelene med ein større kommune for din kommune og for regionen som heilskap?

– Fordelen er at Hyllestad kommune vert del av ein ny vekstkraftig kommune. Å vere del av ein større kommune vil

truleg i større grad sikre næringslivet i området betre rammevilkår på mellom anna samferdsle og infrastruktur, rekruttering og samfunnsutvikling. Like viktig er å sikre god kvalitet og likeverdige tenester til innbygarane i framtida. Då må kommunen sin økonomi vere berekraftig.

– Kva trur du blir konsekvensen av å stå åleine som kommune i framtida?

– Utfordringa i Hyllestad er og blir folketal og demografi, som har direkte innverknad på kommunøkonomi. Handlingsrommet er særst lite, og nytt inntekstsystem er usikkert. Signala frå regjering og storting er at det vert endå meir utfordrande for dei miste kommunane i framtida. Delar av næringslivet slit med rekruttering, og difor med på å sikre viktig kompetanse. Fordelar er at små kommunar har kvalitetar ein gjerne ikkje finn i større. Det kan vere fordel med nærleik til bedrifter, og at ein er tilretteleggarar for nyetablerarar, samt har kort avstand frå innbygarane til politisk leiing og administrasjon.

– Kvifor er det så stor motstand mot kommunesamanslåing blant folk?

– Det handlar om kjensler og identitet. Mange ynskjer betring, dei færreste ynskjer endring. Debatten handlar mykje om at vi er nøgd slik kommunestrukturen er i dag. Det er vanskeleg å sjå langt inn i framtida og ta inn over seg konsekvensar av økonomiske utfordringar

– Kva vil ein storkommune bety for innbygarane i din kommune?

– I intensjonsavtalane er det semje om at tenestene som skular, barnehagar, sjukeheimar, legeteneste med meir skal vere slik dei er i dag. Nye kommunegrenser endrar ikkje behov for at desse tenestene er der folk bur. Ny kommunegrense kan til dømes bety at pendlarar kan søke barnehageplass nærare arbeidsstaden. Det som vil endre seg er at arbeidsplassar på kommunehuset vil verte vekke, i hovudsak rådmann og kommunalsjefar. Det er eit mål at ingen skal miste jobben som følgje av samanslåing, men nokre vil få endra tilsettingsforhold og ny arbeidsgjevar. Mange vil kunne jobbe desentralisert, det vil seie at sjølv om ein er tilsett i ny kommune og formelt har arbeidsstad i nytt kommunesenter, kan ein delar av veka jobbe frå det gamle kommunehuset. «Det skal vere lys i dei gamle kommunehusa». For mange vil ny kommunestruktur bety at ein får fleire jobbhove. Tenester som innbygarane ofte oppsøker, som landbrukskontor og byggesak blir på dei gamle kommunehusa så langt dette er eit behov.

– Kvifor er det ikkje større engasjement rundt spørsmålet om kommunesamanslåing?

– Engasjementet kjem når det nærmar seg



Foto: Roy Sunde / Rein Design

avklaring og innbygarane vert rådspurte. Ein såg auka engasjement i valkampen. Vi må sørge for god og objektiv informasjon framover. Utgreiingar vil aldri gje eit fasitsvar på kva alternativ som er best eller om ein bør halde fram på eiga hand, men kvar og ein må «sjå inn i glaskula» og tenke kva som er best på sikt for bygda og området ein bur i.

Morten Askvik (Sp)

PÅTROPPANDE ORDFØRAR



– Kva er fordelene med ein større kommune for din kommune og for regionen som heilskap?

– Det er mogleg å rasjonalisere på kommunale leiarar. Det vil spare administrasjonsutgifter som kan nyttast til andre

formål. Det er lettare å rekruttere når ein er sikra 100% stillingsstorleik. Elles er det vanskeleg å sjå store fordelar for min kommune. For regionen kan det vere fordelar med å få statlege arbeidsplassar, og ein bu- og arbeidsregion med felles kommunale arbeidsplassar.

– Kva trur du blir konsekvensen av å stå åleine som kommune i framtida?

– Ved samanslåing vil mange lokale jobbar i

kommunal forvaltning forsvinne. Då får vi ein mindre arbeidsmarknad, med mindre variasjon. Det gjer truleg at ein del innbygarar vurderer å flytte, og rekruttering til arbeidsmarknaden vert vanskelegare. Vi veit at delar av servicenæringa meiner at dei må legge ned ved kommunesamanslåing. Om vi består som eigen kommune kan det vere at vi unngår det. Ulempa ved å stå åleine er at det er lagt opp til dårlegare finansiering av kommunar som står åleine. Det kan gå direkte ut over tenestetilbodet.

– Kvifor er det så stor motstand mot kommunesamanslåing blant folk?

– Delvis går dette på kjensler. Mange ønskjer ikkje å slå seg saman med andre kommunar. Delvis går det på at det ikkje er klare fordelar ved å slå seg saman.

– Kva vil ein storkommune bety for innbygarane i din kommune?

– Innan kommunal forvaltning kan det bli vesentleg mindre arbeidsplassar. I tenestene kan vi i liten grad gjere endringar sidan vår kommune allereie har rasjonalisert så mykje.

– Kvifor er det ikkje større engasjement rundt spørsmålet om kommunesamanslåing?

– Her har emnet vore omtalt av mange. Først opplevast det som om at det ikkje er oppe til avgjerse enno. Når det nærmar seg folkeavstemming reknar eg med at det vert meir engasjement.

Jan Olav Gjerde (Ap)

AVTROPPANDE ORDFØRAR



– Kva er fordelene med ein større kommune for din kommune og for regionen som heilskap?

– Stordriftsfordeler. Betre arena for rekruttering.

– Kva trur du blir konsekvensen av å stå

åleine som kommune i framtida?

– Trongare økonomi. Vanskeleg å skaffe nøkkelkompetanse.

– Kvifor er det så stor motstand mot kommunesamanslåing blant folk?

– Skal aldri undervurdere identitetsaspektet. Vert oppfatta som sentralisering, og er vel nettopp det!

– Kva vil ein storkommune bety for innbygarane i din kommune?

– På kort sikt vil det ikkje bety mykje. På litt lenger sikt kan ein sjå føre seg at utkantane misser tilbod så som legekontor, bibliotek og liknande.

– Kvifor er det ikkje større engasjement rundt spørsmålet om kommunesamanslåing?

– Reforma er vedteken med utgangspunkt i statsråden sitt kontor. Ikkje noko genuint ønske frå lokalt hald.

Hyllestad kommune

¹ Innbyggartal: 1.414

Ordførar: Pålroppande: Morten Askvik (Sp).

Rådmann: Bente Nesse

Administrasjonsstad: Hyllestad

Innbyggarnamn: Hyllestading

Fem største næringar i tal sysselsette:

(Tal frå 2014):

Industri: 259

Helse- og sosialtenester: 121

Jordbruk, skogbruk og fiske: 55

Bygge- og anleggsverksemd: 51

Undervisning: 49

TOTALT 762 SYSSELSETTE

² Arbeidsløyse Hyllestad: 2 prosent av

arbeidsstyrken. 14 personar utan arbeid.

www.hyllestad.kommune.no

¹ Folketal henta frå SSB for 2. kvartal 2015.

² Arbeidsløyse: Tal for 2. kvartal 2015 henta frå Nav Sogn og Fjordane.

Roar Einen

KJØPMANN



Eg trur ikkje ei kommunesamanslåing vil føre til dei store forandringane for innbygarane. Vi samarbeider allereie godt i HAFS, og eg ser helst at vi slår oss saman med dei kommunane eller i ein sognekommune. Om vi blir ein del av Førde, er eg redd vi endar som utkant. Kommunesamanslåing er ikkje til å unngå, og uansett kva som skjer, så går det seg nok til.

Jørgen Solvang

DRIFTSLEIAR



Det viktigaste er å ivareta interessene lokalt, og at vi får behalde tenester. Det er vesentleg at Hyllestad

sine interesser blir ivaretatt, og vi skal ikkje få det dårlegare enn kva vi har det i dag. Det må vere eit krav. Eg vil at det skal fortsette å vere liv i Hyllestad kommune. Eg bygger for å bu her, ha familie her og jobbe her. Mykje er endå usikkert, så det er vanskeleg å seie om dette blir lettare eller vanskelegare i ein storkommune.

Jan Helge Lekva

BEDRIFTSLEIAR OG ELEKTROINSTALLATØR



Eg har ikkje fått med meg detaljane i kommunereforma, og derfor ikkje gjort meg opp ei sterk mening.

Men ein storkommune kan vere positivt, og kanskje nødvendig, for å klare å oppretthalde pålagte tenester. Om Hyllestad kjem godt ut av det, det er ei anna sak. Det blir uansett vanskeleg med interkommunale samarbeid om vi stiller oss utanfor.




Foto: Wolfman / Wikipedia

Helge Følid

RÅDMANN



– Kva er fordelene med ein større kommune for din kommune og for regionen som heilskap?

– Ein vesentleg fordel kan vere større fagmiljø der vi i dag har få medarbeidarar. Sjølv om vi i dag ikkje har vanskar

med å rekruttere i stillingar kan større fagmiljø gjere det meir attraktivt å jobbe i ein kommune og gjere oss mindre sårbar ved fråvær. På enkelte område kan større fagmiljø gje betre tenester til innbyggjarane ved spesialisering og større effektivitet. Ein større kommune vil truleg kunne satse meir på næringsutvikling og dermed vere meir attraktiv for etableringar og gje grunnlag for meir busetjing.

– Kva trur du blir konsekvensen av å stå åleine som kommune i framtida?

– Vi har greidd ut kva vi kan rekne med av økonomi i ein større kommune. Vi veit ikkje kva endring i inntektssystemet for kommunane vil innebere. Det får vi ein indikasjon på når framlegget kjem i 2016. Då vi handsama saka om samanslåing i 2003 var økonomien til kommunen så dårleg at eg såg det som einaste løysing å slå kommunen

saman med dei andre kommunane i indre Sunnfjord. Det kom seinare endringar i det økonomiske opplegget for kommunesektoren som gjorde det mogeleg å dekke inn opparbeidd underskot. Sentrale styringsmakter avgjer om vi skal ha økonomisk grunnlag til å stå åleine. Med dei signal vi ser i dag er det kanskje grunn til å tru at tenestetilbodet vårt må reduserast om vi vel å stå åleine. Det nylege framlegget om å redusere grunnlaget for eigedoms- skatt på verk og bruk kan vere eit døme på ei slik innstraming i økonomien.

– Kvifor er det så stor motstand mot kommunesamanslåing blant folk?

– Det kan vere mange årsaker. Det er vanskeleg å forestille seg kva innverknad ei samanslåing vil ha for den enkelte og sitt område. Vegen fram til dei som tek avgjerder vert lenger, og det kan bli tyngre å kontakte kommunale og statlege kontor og instansar ein har bruk for. Ein føler kanskje at ein taper sin eigen identitet i ein samanslegen kommune, dei demokratiske prosessane vert fjernare og ein risikerer å miste offentlege arbeidsplassar og kontor i nærområdet.

– Kva vil ein storkommune bety for innbyggjarane i din kommune?

– I følgje intensjonsavtalane vil dei fleste kommunale tenester bli som før med barnehagar, skular, helsetenester og nokre servicefunksjonar. Andre

servicefunksjonar kjem lenger vekk, men teknologi og betre tenester kan likevel samla sett gjere det betre å vere innbyggjar i ein større kommune. Dei økonomiske utgreiingane viser at samanslegne kommunar må redusere tenestnivået, men vi veit ikkje kvar det skal takast. Ein må rekne med at ein større kommune vil vere betre i stand til å gjennomføre innsparingstiltak enn mindre kommunar. Ein storkommune med fleire større senter vil verke som eit økonomisk og kulturelt tyngdepunkt mellom Bergen og Ålesund og forhåpentlegvis gjere området meir attraktivt for næringsverksemdar og tilflyttarar. Det må og vere eit mål å trekke til seg fleire statlege arbeidsplassar og utdanningsinstitusjonar.

– Kvifor er det ikkje større engasjement rundt spørsmålet om kommunesamanslåing?

– Folk har som regel meiningar om kommunesamanslåing, men overlet diskusjonen til politikarane. Det er som regel slik i dei fleste sakene elles og. Engasjementet kjem som regel først når det gjeld saker som vedkjem den enkelte i sitt næringsområde.

Mathias Råheim (H)

ORDFØRER

– Kva er fordelene med ein større kommune for din kommune og for regionen som heilskap?



– For kommunen er fordelene først og fremst at ein vil få eit større fagmiljø og at den enkelte avdeling i administrasjonen ikkje er så sårbar ved permisjonar og fråvær. Kommunegrensene vert endra slik at dei ikkje er

til sperre for fornuftige løysingar, jamfør til dømes skulekrinsar. For regionen betyr det at ein får meir heilskapstenking/planlegging i ein alt eksisterande bu- og arbeidsregion. Ved større einingar kan ein ta på seg fleire og større oppgaver som kommunane i dag er for svake til å handtere åleine.

– Kva trur du blir konsekvensen av å stå åleine som kommune i framtida?

– Ser det som vanskeleg/nær umogleg å stå åleine om dei andre kommunane i regionen slår seg saman. Naustdal og andre får no utgreie åleinemodellen som kan gje meir svar. Den nye inntektsfordelinga til kommunane blir sær avgjerande. Fordele med å stå åleine er mellom anna nærleik mellom innbyggjarane og politikarar/administrasjon. Avstanden blir større i storkommunar. Dei kommunale tenestene er gode og vi har eit desentralisert, oversiktleg opplegg. Utfordringane er å få ein ny kommune til å dra lasset same vegen til beste for

alle og ikkje sentralisere for mykje. At utkantane i dagens kommunar då vert endå meir utkant og at ein ikkje skapar fleire slike med for mykje satsing på Førde og nærområdet. Frivillig samanslåing vil gjere dette mykje lettare enn tvang.

– Kvifor er det så stor motstand mot kommunesamanslåing blant folk?

– Nesten all endring er det generell skepsis til. Og det er uvisse om kva tenester og infrastruktur som vil bli satsa på i framtida. Kva får vi av tenester og kvar skal basisoppgåver utførast. Sjølv med framforhandla intensjonsavtalar i dei ulike modellane, er det store spørsmålet: Kan vi lite på det? Og kor lenge vil det vare? Hadde ein lagt ut «gulrøter», som midlar til utbetring av vegar og til betre samferdslettilbod hadde nok motstanden minka mykje.

– Kva vil ein storkommune bety for innbyggjarane i din kommune?

– Om intensjonsavtalane vert lagt til grunn vil ein truleg oppretthalde basisfunksjonane innanfor helse, omsorg, barn og oppvekst som i dag. Arbeidsplassane innan administrasjon vil nok bli redusert slik. Men med gode vegar og rutetilbod er det ikkje så langt å pendle, slik mange alt gjer. Sjølv om nærleiken vert redusert, vil mykje av kommunikasjonen bli gjort digitalt. På sikt vil det truleg ikkje bety så stor skilnad om alt det positive vert sett i verk.

– Kvifor er det ikkje større engasjement rundt spørsmålet om kommunesamanslåing?

– Det har mange årsaker. Eg har registrert at mange er overtydd om at det går mot samanslåing uansett og at det ikkje spelar så stor rolle kva den enkelte meiner og seier. Det er per no for lite informasjon til at innbyggjarane kan ha ei velfundert meining. Når ein nærmar seg folkeavrøysting/inbyggjarhøyring vil engasjementet bli vesentleg større enn no trur eg.

Gaular kommune

¹ Innbyggartal: 2.941

Ordfører: Mathias Råheim (H)

Rådmann: Helge Følid

Administrasjonsstad: Sande

Innbyggarnamn: Gaulværing

Fem største næringar i tal sysselsette: (Tallfrå 2014):

Transport og lagring: 248

Helse- og sosialtenester: 240

Jordbruk, skogbruk og fiske: 91

Varehandel, reparasjon av motorvogner: 87

Undervisning: 87

TOTALT 1.009 SYSSELSETTE

² Arbeidsløyse Gaular: 0,6 prosent av arbeidsstyrken. 9 personar utan arbeid

www.gaular.kommune.no

¹ Folketal henta frå SSB for 2. kvartal 2015.

² Arbeidsløyse: Tal for 2. kvartal 2015 henta frå Nav Sogn og Fjordane.

Sigurleug Sigurdardsdottir



Eg må innrømme at eg ikkje har oppdatert meg så godt på kommunereforma, men eg vil at Gaular skal vere for seg sjølv. Eg vil helst sleppe å reise så mykje til Førde, men trur at før eller seinare er vi ein del av dei.

Olaug Oppedal

LÆRER



Gaular samarbeider allereie med Førde om til dømes barnevernstenesta, så eit samarbeid er ikkje noko nytt.


Ei kommunesamanslåing vil truleg få konsekvensar for skulen, og eg ser for meg at til dømes Viksdalen og Haukedalen skule blir slått saman. Ein større skule er både òg. Eg meiner at Gaular fungerer godt i dag.

Kristian Myrmel

BUTIKKMEDARBEIDER



Einaste forskjellen Gaular kjem til å merke ved ein storkommune, er nye kommunegrenser. Gaular er på topp når det kjem til kommunale avgifter, og ei samanslåing kan såleis berre vere positivt. Slik kan fleire vere med og dekke utbyggingar og anna som føregår i Gaular. Totalkostnaden blir delt på fleire. Samtidig er det mange følelsar involvert i ei slik samanslåing.



Erik Askeland

RÅDMANN

Ole Gunnar Krakhellen (H)

AVTROPPANDE ORDFØRAR



– Kva er fordelene med ein større kommune for din kommune og for regionen som heilskap?

– For Solund vil ein i ein større kommune få større fagmiljø. Om ein går for eit av Solund sine storkommunealternativ (Firda og Nordhordland) vil ein og få løyst alle oppgåver i kommunen ein høyrer til, framfor interkommunale samarbeid. For Sunnfjord- og Ytre Sogn-regionen vil ein bli den klart største kommunen i fylket, og slik sett truleg få auka politisk gjennomslagskraft opp mot regionale og statlege styresmakter.

– Kva trur de blir konsekvensen av å stå åleine som kommune i framtida?

– Ein fordel med å stå åleine vil vere at Solund framleis har eit eige, dedikert talerøyr for sine saker, gjennom ein kommuneadministrasjon og eit politisk nivå med ordførar, og at det administrative og politiske nivået sit nærare innbyggjarane, samt at arbeidsplassane vert i kommunen. Likevel kan det vere ei potensiell utfordring med rekruttering til mindre fagmiljø. Solund vil uansett ha ei utfordring på demografi. Som øykommune er vi usikre på om den utfordringa vert løyst av å slå seg saman. Ein risiko ved å stå åleine kan vere at naboane vert større, og tiltrekkje seg meir fokus enn oss, som alt er den minste kommunen i fylket. Det nye kommuneinntektsystemet gjev oss truleg svar på ein del konsekvensar av å stå åleine.

– Kvifor er det så stor motstand mot kommunesamanslåing blant folk?

– Det er vanskeleg å svare på. Det finst sikkert ei mengd grunnar til folk sine haldningar til samanslåing. Noko av dei kan ligge i usikkerheit for eiga framtid, identitet og arbeidsplassar.

– Kva vil ein storkommune bety for innbyggjarane i din kommune?

– Det vert større avstand til kommunesenter og politiske og administrative avgjerslar. Intensjonsavtalane sikrar at større servicetenester knytt til barnehage, skule og helse skal ligge der dei ligg i dag. Slik vil ein ikkje merke så mykje i dagleglivet. Intensjonsavtalane seier også at alle tilsette skal ha rett på jobb i den nye kommunen, innan rimeleg reiseavstand. På sikt kan det vere ei fare for at vi mister arbeidsplassar i administrasjonen.

– Kvifor er det ikkje større engasjement rundt spørsmålet om kommunesamanslåing?

– Vanskeleg å svare på. I Solund har vi hatt rimeleg godt oppmøte på folkemøte, men førebels har kanskje ikkje alternativa vore handfaste nok til at innbyggjarane får eit godt grunnlag til å enga-



Foto: Roy Sundb / Rein Desgin

sjere seg på. Det er eit behov for å få meir og klarare informasjon ut til innbyggjarane.

Gunn Åmdal Mongstad (Sp)

PÅTROPPANDE ORDFØRAR



– Kva er fordelene med ein større kommune for din kommune og for regionen som heilskap?

– Det kan vere viktig å ha tilgang til spesiell fagkompetanse, sjølv om dei største tenestene som oppvekst og helse

må vere der dei er i dag. Slik kompetanse har ein eit godt samarbeid om allereie, og eg meiner vi i framtida også kan løyse oppgåver slik. For regionen er det viktig å ha samarbeid om saker som til dømes samferdsle og anna infrastruktur.

– Eg er usikker på om ein større kommune vil sikre betre heilskap på området. Utvikling av lokalsamfunn – og Solund som eige samfunn – er avhengig av lokalt engasjement og samarbeid, og eg er usikker på om dette i like stor grad vert ivareteke i ein storkommune. I ein slik kommune vil det verte meir krevjande å nå fram med lokale saker.

– Kva trur du blir konsekvensen av å stå åleine som kommune i framtida?

– Det avheng av korleis kommunestruktur og oppgåvefordelinga elles blir, og korleis inntektsystemet til kommunane blir. Om det vert ei særordning for øykommunar og forståing for at desse framleis må ha hand om tenester og samfunnsutvikling sjølve, vil det vere ei føremøn å stå åleine. Solund er avhengig av ein breiare arbeidsmarknad. Ved ei kommunesamanslåing vil mange jobbar som i dag er attraktive, truleg bli borte. Det kan virke inn på rekruttering til andre stillingar både i privat arbeidsliv og i dei offentlege tenestene.

– Kvifor er det så stor motstand mot kommunesamanslåing blant folk?

– Folk ynskjer å ha gode tenester nær der dei bur. Innbyggjarane i Solund har alt i dag reisetid på minimum 3 timar til mellom anna spesialisthelsetenester, og har gjennom Politireforma sett at lensmannskontoret blir kraftig nedbemanna. Folk ser nok at kjennskap til lokale tilhøve har noko å seie for korleis tenestene vert utført. Dette er ein redd for å miste. Eg trur mange og er leie av å høyre at dei små miljøa ikkje er «kompetente» nok. Ein har rett nok ikkje så mange som jobbar med same fag, men ein er god på å samhandle på tvers av fagkompetanse.

– Kva vil ein storkommune bety for innbyggjarane i din kommune?

– Grunna avstandar vil både barnehage, skule og dei fleste helsetenester måtte bli i Solund. Ein kan likevel sjå føre seg at det på sikt kan bli diskusjon om lokalisering av til dømes sjukeheimsplassar. Det er først og fremst arbeidsplassar knytt til kommuneadministrasjonen som blir flytta. Dette er ikkje mange i vår kommune, men dei er viktige for å ha breidde av arbeidsplassar, og for å ivareta kjennskapen til lokalsamfunnet i den offentlege forvaltninga.

– Kvifor er det ikkje større engasjement rundt spørsmålet om kommunesamanslåing?

– Eg trur at innbyggjarane er meir opptekne av korleis vi kan klare å utvikle samfunnet vårt vidare. Mange har lite med kommunal forvaltning å gjere og har ikkje reflektert mykje over problemstillinga rundt samanslåing. Dei er likevel opptekne av at det skal leggast til rette for arbeidsplassar og at kommunen skal ha gode tenester. Nokre tenkjer gjerne at problemstillinga i liten grad vedgår dei og at ein ikkje har så mykje ein skulle sagt. I Solund registrerer eg ei uro for at kommunereforma vil ha innverknad på vår eksistens som eige samfunn i framtida. Det skil seg gjerne litt frå kommunar som ligg tettare på regionale sentra.

Solund kommune

¹ Innbyggartal: 785

Ordførar:

Påtroppande: Gunn Åmdal Mongstad (Sp), avtroppande: Ole Gunnar Krakhellen (H)

Rådmann: Erik Askeland

Administrasjonsstad: Hardbakke

Innbyggarnamn: Suling

Fem største næringar i tal sysselsette: (Tal frå 2014):

Jordbruk, skogbruk og fiske: 87

Helse og sosialtenester: 77

Industri: 50

Offentleg administrasjon, sosialforsikring: 31

Varehandel, reparasjon av motorvogner: 28

TOTALT 379 SYSSELSETTE

² Arbeidsløye Solund: 1,2 prosent av arbeidsstyrken. 5 personar utan arbeid.

www.solund.kommune.no

¹ Folketal henta frå SSB for 2. kvartal 2015.

² Arbeidsløye: Tal for 2. kvartal 2015 henta frå Nav Sogn og Fjordane.

Jorunn Ingvaldsen

SJØLVSTENDIG NÆRINGSDRIVANDE



Det har ingen betydning for meg personleg for om Solund slår seg saman med andre. Eg er meir imponert over at vi greier å vere ein sjølvstendig kommune i dag, og at nokon vil ha oss med. Men om vi skal slå oss saman med andre ser eg helst sørover.

Siv Einen Paulsen

BUTIKKEGAR



Det blir langt til kommunesenteret, same kven vi slår oss saman med. Men eg trur HAFS blir for lite. Eg håpar vi kan halde fram som eigen kommune, og at vi får midlar til å kunne vere sjølvstendige.

Knut Fimreite

PENSJONERT LÆRAR OG

SJØLVSTENDIG NÆRINGSDRIVANDE



Vi er alt eit utkant, og blir ytterlegare ein utkant i ein storkommune. Men det er vanskeleg å vite kva dette fører til. Vi har gode tilbod her, og har det nok best åleine, om ikkje overføringane blir vesentleg redusert.

Meir informasjon om kommunereforma finn du på www.prosjektsunnfjord.no



Foto: Roy Sunde / Rein Desgin

Ole John Østenstad
RÅDMANN



– Kva er fordelene med ein større kommune for din kommune og for regionen som heilskap?

– Det er fleire fordelar. Vi får ein meir slagkraftig region som kan møte den største utfordringa for fylket vårt – folketalsvekst. Ein større kommune vil kunne møte utfordringane på betre vis, ved å ha ein meir samla og koordinert areal- og næringspolitikk, slik at vi blir det sterkast vekstsenteret mellom Bergen og Ålesund. Mange av fagmiljøa i kommunane er små og lite attraktive i rekrutteringssamanheng. Ein større kommune vil sikre betre rekruttering og tenester med betre kvalitet for innbyggjarane. Sjølv Førde, den største kommunen i fylket, har på viktige område for små fagmiljø. Ein større kommune vil redusere talet ressurskrevjande interkommunale ordningar.

– Kva trur du blir konsekvensen av å stå åleine som kommune i framtida?

– Førde kommune vil truleg vere så stor at vi kan klare oss åleine, men eg trur at dei økonomiske utfordringane kan bli store for mindre kommunar framover. Konsekvensen blir truleg størst for resten av regionen – fylket vil tape terreng til resten av landet.

– Kvifor er det så stor motstand mot kommunesamanslåing blant folk?

– Eg er usikker på om motstanden er så stor, men det er knytt mange kjensler til dette. Det er viktig å få fram at dei fleste tenestene som er viktige for folk, skule, barnehage, pleie og helse, stort sett vil fortsette som før.

– Kva vil ein storkommune bety for innbyggjarane i din kommune?

– Sidan administrasjonssenteret blir Førde, vil endringane for folk her bli små. Vi har i dag stor pendling inn frå nabokommunane og. Til dømes cirka halvparten av dei som er i arbeid i Naustdal jobbar i Førde – vi er alt ein tett integrert bu- og arbeidsregion. Folk vil ikkje merke stor endring, og dei vil framleis få dei kommunale tenestene sin lokalt.

– Kvifor er det ikkje større engasjement rundt spørsmålet om kommunesamanslåing?

– Det vil nok stige i tida fram til tidspunktet når spørsmålet skal avgjerast. Men manglande engasjement kan også bety at folk flest ikkje er veldig opptekne av kva som skjer på rådhuset, men av at dei har arbeid, ein god stad å bu og får gode kommunale tenester.

Olve Grotle (H)
ORDFØRAR



– Kva er fordelene med ein større kommune for din kommune og for regionen som heilskap?

– Vi blir ein meir solid kommune som står betre rusta til å gje gode tenester til innbyggjarane våre, og mindre sårbar for ulike type svingingar. Ein stor kommune i Sunnfjord vil gjere det enklare å bygge opp fagmiljøa, rekruttere arbeidskraft og styrke oss i konkurransen med større miljø sør og nord for oss. Det å kunne drive heilskapleg planlegging, sameine kreftene våre og tale med ei sterkt stemme overfor sentrale styrkesmakter og andre miljø, vil vere svært viktig for å kunne få til ei positiv utvikling i regionen.

– Kva trur du blir konsekvensen av å stå åleine som kommune i framtida?

– Førde kommune er stor nok til å kunne handtere mange av framtidens oppgåver på greitt vis, og vi har lite interne spenningar og interessemotsetningar, det gjer det enklare å ha eit godt politisk klima. Samtidig vil også vi bli utfordra på nye og sterkare krav til spesialisering og fagkompetansekrav. Dei kan bli vanskeleg å innfri om vi ikkje blir større. Største ulempa er nok at vi ved å ikkje få til ein større kommune går glipp av det store potensialet det er å få til ein storkommune som kan vere eit kraftsenter mellom Bergen og Ålesund.

– Kvifor er det så stor motstand mot kommunesamanslåing blant folk?

– Eg trur ikkje det er så stor motstand i Førde, meir at temaet så langt ikkje har fenga. Generelt trur eg førdianarar ser på ei kommunesamanslåing som greitt, men at det er større skepsis til ein altfor stor, ny kommune. Reint generelt trur eg ein motstand mot kommunesamanslåing bygger på ei oppfatning om at det vil ta bort lokale og nære tenester, noko eg meiner vi i intensjonsavtalene har fastsett ikkje skal finne stad.

– Kva vil ein storkommune bety for innbyggjarane i din kommune?

– Ei kommunesamanslåing vil nok føre til at fagmiljø i Førde vil bli styrka, og at talet på arbeidsplassar vil auke. Ikkje på kostnad av andre kommunar, men meir som eit resultat av at heile regionen blir styrka. Det blir neppe særleg endringar i skule, helse og andre typar kommunale tenesteyting.

– Kvifor er det ikkje større engasjement rundt spørsmålet om kommunesamanslåing?

– Temaet er så samansett og har så mange spørsmål i seg, at det i seg sjølv gjer det vanskeleg med stort engasjement. Vi som har jobba med dette må prøve å formidle alt det spennande potensiale og gode sjansar som ligg i dette – som gjer at vi sjølve har blitt engasjerte og oppglodde – til folk flest. Det arbeidet startar no.

Kjetil Bolsø

DAGLEG LEIAR



Eg håpar ein storkommune kan gagne heile regionen, og ikkje berre Førde. Det er ikkje poeng i å samle kommunane, om resultatet er at ein utarmar distrikta. I det store og heile trur eg ikkje innbyggjarane i Førde vil oppleve store forandringane ved ei samanslåing, men det vil vere lettare å styrke kompetansenivået i dei ulike etatane. Storkommunen kjem.

Therese Kleiven Bruland

TEKNISK KUNDEMEDARBEIDAR



Ein større kommune vil ikkje nødvendigvis føre til styrking av tilbod og tenester. Eg trur tvert i mot at ei sentralisering av tenester til innbyggjarane kan føre til at det blir lengre ventetid og mindre tid til kvar enkelt brukar, fordi kvar etat får fleire å ta seg av. Kommunale tenester fungerer faktisk ofte betre på små plassar enn i byar.

Bjørn Ove Langlo

BARNEVERN SARBEIDAR



Eg trur det er mest realistisk å få til ei samanslåing av fire kommunar. Ein storkommune krev veldig mykje organisering. Det er både fordelar og ulemper med å samle kommunane, men ein ser blant anna at når det gjeld barnevern, så er det vanskeleg å få til små kontor. Der kan eit samarbeid vere ein styrke, og ein får større kompetansemiljø. Ei samanslåing kjem, for det er ikkje naturleg med kommunar med berre 2000-3000 innbyggjarar.


Førde kommune

- ¹ Innbyggartal: 12.887
- Ordførar: Olve Grotle (H)
- Rådmann: Ole John Østenstad
- Administrasjonsstad: Førde
- Innbyggarnamn: Førdianar
- Fem største næringar i tal sysselsette: (Tal frå 2014):
- Helse- og sosialtenester: 2.785
- Varehandel, reparasjon av motorvogner: 1.627
- Bygge- og anleggsverksemd: 724 sysselsette
- Undervisning: 714 sysselsette
- Industri: 539 sysselsette
- TOTALT 9.436 SYSSELSETTE
- ² Arbeidsløysa Førde: 1,7 prosent av arbeidsstyrken. 123 personar utan arbeid.

www.forde.kommune.no


¹ Folketal henta frå SSB for 2. kvartal 2015.

² Arbeidsløysa: Tal for 2. kvartal 2015 henta frå Nav Sogn og Fjordane.




Forventa folketalsutvikling

Folketal dei fire alternativa



Folketal per kommune



Folketal 2040 byggjer på framskrivingar frå SSB (Middels nasjonal vekst 4M)

¹ Framskrivinga for Fjaler er tru leg litt for høg som følgje av at elevane ved UWC vert rekna som innbyggjarar. Agenda Kaupang har på oppdrag for Fjaler kommune gjennomført ei alternativ framskriving som justerer for denne effekten. Folketalet vert i denne rapporten berekna til 3290 for 2039.

Frå tre til ein

Første nye kommunen i kommunereforma oppstår 1. januar 2017: Kommunane Sandefjord, Andebu og Stokke blir nye Sandefjord kommune, Norges 11. største.

Sandefjord har 45.281 innbyggjarar. Nye Sandefjord kommune får 60.000 innbyggjar og 4.500 tilsette. Prosessen starta i april 2014. 6. februar søkte dei tre kommunestyra om samanslåing. 24. april 2015 vart den godkjent av Kongen i statsråd.

– Vi skal fatte ei historisk avgjerse. Eg vil rose initiativet modige Stokke-politikarar tok i april i fjor. Vi har fått ein prosess med tre likeverdige partar, med eit krystallklart mål om å bygge ein ny kommune som vil skape utvikling i heile seg, sa Sandefjord-ordførar Bjørn Ole Gleditsch (H) til Kommunal Rapport om det nye «barnet», som fekk mange godord på dagen.

– Historisk, vemodig og framtidsetta, sa opposisjonsleiar Hilde Håkonsen (Ap) frå Andebu. Stokke-ordførar Erlend Larsen (H) framheva Sandefjord si rause haldning.

– Det har vore tverrpolitisk forståing av behovet for ein ny kommune, i ein politisk leia prosess, med blikket festa på dei overordna spørsmåla, prega av tillit og openheit.

Ordførar Bjarne Sommerstad (Sp), frå Andebu, sa han var den mest skeptisk i starten.

– Det starta som eit tvangsekteskap, utvikla seg til eit fornuftsekteskap og no er eg jammen forelska og har fått trua. Vi skal bli en sterk, dynamisk og leiande kommune i Vestfold.

– Det er naivt å tru at vegen vidare blir ein dans på roser. Vi må vere budde på harde tak, på å gjere og ta. Men om haldningane som prega forhandlingane ligg til grunn vidare, trur eg det går bra. Eg er viss på at dette vil gi innbyggjarane betre tenester i åra som kjem enn om ein står aleine, sa opposisjonsleiar i Stokke, Ap-veteran Nils Ingar Aabol.

EIT HALVT ÅR SEINARE

Med valet over har alle tre involverte ordførarar fått folket si vilje til å halde fram.

– Sp-ordførar Sommerstad også, sjølv om Sp har eit anna syn på samanslåing. Han ser annleis på det. Det er beundringsverdig, og ei tillitserklæring, seier Gleditsch.

Men det var ikkje Sandefjord som tok initiativet. Politikarar i Stokke fyrte av startskotet.

– Det var ein naturleg del av vår eigen prosess. Stokke ligg midt mellom Tønsberg og Sandefjord, med Andebu i vest. Prosessen byrja med at politikarar såg på ein mogleg ny kommune med Andebu og kommunane Re, Hof og Holmestrand. Alternativet fekk aldri stor oppslutnad, men det starta ein diskusjon om kommunereform her. Vi vurderte kva kommunar som passa best, og kom til semje om å



Bjarne Sommerstad, Bjørn Ole Gleditsch og Erlend Larsen. Foto: Sandefjord kommune.

invitere Sandefjord, og seinare Andebu, til samtalar, fortel Stokke-ordførar Erlend Larsen, og beskriv prosessen etterpå som god.

– Vi har hatt fokus på kva vi skulle få til saman, og var einige om å halde politisk usemje utom forhandlingane. Politikken høyrer heime i kommunestyresalen når den nye kommunen er etablert. Alle var opptekne av å få til noko saman, og meir fokusert på løysingar enn problem. Difor har dette gått særst bra. Det var ingen store hinder på vegen, men litt usemje om korleis vi skulle velje representantar til det første kommunesystemet. Eit forslag var å samle stemmesetlane frå valet i år i ein pott, og fordele partimesig frå resultatet. Andebu ønskte ein modell der kvar av kommunane valde sine politikarar, slik vi gjer til Stortinget. Den modellen enda vi med, seier han, og svarar på spørsmålet om kva han føler prosessen har gjort med lokaldemokratiet.

– Eg meiner at det står styrka.

Tønsberg er byen flest frå Stokke jobbar i og nyttar på fritida. Likevel var det fleirtal for å gå saman med Sandefjord, med unntak frå tettstaden Vear, lengst nordaust i Stokke.

– Dei ønskte å bryte ut og bli ein del av Tønsberg. Vi hadde folkeavstemming om dette ved valet. 63% ville skifte kommune til Tønsberg.

HARMONISK

Storebror Sandefjord trekker fram rausheit som ein viktig faktor i prosessen.

– Det har vore konstruktive samtalar, med vekt på gjensidig tillit og respekt for ulike ståadar.

Ein må forstå psykologien mellom stor og liten kommune. Sandefjord er størst, må gjere mest og vere raus for å skape tillit. Det lukkast vi i. Tillit er avgjerande. Vi fekk god kjemi i forhandlingsutvalet – og ein god prosess. Ingen av partane var ute etter å lure kvarandre, seier Gleditsch.

– Vi vekt politikarstyring, ikkje rådmannsstyrt. Det er eit suksesskriterium. Og utreda oss ikkje i hel! Vi fokuserte på at vi trur alle har noko å vinne på å slå seg saman. Ein kommune nær oss utgreidde samanslåing til eit dokument på 600 sider. Vi har 17! Politikarane hadde langt perspektiv: Korleis kan vi tre utfylle kvarande, spesielt på arealforvaltning. Sandefjord har stort behov for areal til bustad og næring, og store grønt- og landbruksareal tett på vi ønskjer å bevare, sett i høve til folkehelseperspektiv og landbruk. Stokke utfyller oss på næringsareal, og Andebu har store bustadtomter nær oss. Vi utfyller kvarandre, alle vinn og vi er rusta for arealbehovet på bustad og næring i generasjonar.

I Sandefjord kommune var innbyggjarane «stille» akseptierende til prosjektet frå dag ein.

– Fleirtalet var samde i at dette blir gjennomført med grunnlag i verdiskaping og å sikre velferda deira. Dei såg dette som ein naturleg prosess. No er det opp til oss politikarar om dette styrker lokaldemokratiet. Vi må bevise at det forhandlingsutvalet si utreiing la til grunn stemmer: At dette gjev betre og sterkare fagmiljø og tenester, optimalisering av helse- og omsorgssektor og ein meir robust kommune. Vi har eit ansvar, spesielt på at vi greier å styrke skular og nærmiljø for unge i Andebu og



Foto: Sandefjord kommune.

Stokke. Fasiten får vi om nokre år, dersom folk då meiner at vi har fått ein betre kommune, seier han og deler nokre fleire råd i ein slik prosess.

– Største kommunen må ikkje prøve å legge andre under seg – men vere raus og invitere til å bygge ein heilt ny kommune. Ein må sjå moglegheit, ikkje utfordringar, sjå ting i eit senterperspektiv, ha tillit og respekt for dei ulike ståadane, og ikkje gjere ting meir komplisert enn naudsynt. Og prosessen må styrast av politikarane.

GOD STOREBROR

Vesle Andebu, med 6.000 innbyggjarar, fekk ein god veg fram til storkommune.

– Vi var spente før forhandlingane, men vart frå første stund tekne på alvor og behandla som likeverdige part. Sandefjord visste stor respekt for oss. Hadde ikkje vi følt det hadde vi ikkje halde fram forhandlingane. Prosessen var prega av forståing for kvarandre sin ståstad, kvalitetar og utfordringar, og likeverdige og konstruktive partar som jobba for målet om å bygge ein ny kommune. Vi hadde utfordringar, knytt til representasjon i nemnder, utval og nytt kommunestyre, men let aldri politiske prinsipp gå føre visjonen. Fokus var på det målet om å saman bygge ein ny framtidsetta, bærekraftig kommune til det beste for innbyggjarane våre, med gode tenester lokalt og trygge, framtidsetta bu- og arbeidsmiljø, seier han og svarar på spørsmålet om korleis det er å slå saman kommunar for ein Sp-ordførar.

– Eg er for interkommunale samarbeid i staden for samanslåing. Men som realpolitiskar såg eg at

reforma hadde sine mål. Haldninga i min kommune var for, så eg valte å gjere jobben min som ordførar: Å jobbe konstruktivt for fatta vedtak. Undervegs såg eg ein del vinstar, og den nye kommunen som ein med fleire fordelar enn ulemper. Vi har små avstandar i Vestfold og kan få til mykje i lag. Sandefjord og Stokke ville gått saman om vi var med eller ei. Mi plikt var å vere i forhandlingar, ikkje stå utanfor utan høve til medverknad, seier han.

– Ein slik prosess må forankrast politisk i kommunestyret, og vere så open at innbyggjarane ikkje føler seg utanfor. Likeverd er avgjerande: «Storebror må te seg», og politikar må utvise leiarskap. Administrasjonen kan ikkje styre prosessar dei ikkje har myndigheit over. Det er lett å utrede for mykje. Visjonen om den nye kommunen må vere leiastjerna, og ein må sette innbyggjarar og tilsette i kommunen føre politiske posisjonar, seier han og fortel om jobben dei gjorde med innbyggjarmedverknad.

– Vi var aktive på dette i Andebu: grundige innbyggjarundersøkingar og innbyggjarmøte. Pressa var og til stades på alle forhandlingsmøte. Når folk fekk kunnskap om prosessen og realitetane i den, såg dei fleste at dette kan vere klokt i vesle Vestfold, seier han.

– Vedtaket vart gjort med tverrpolitisk sterkast mogleg fleirtal. Om veljarane skulle straffe eit parti for avgjerda, var den einaste måten å late vere å stemme, seier han og fortel om sitt einaste ankepunkt. – Lokaldemokratiet er det eg personleg er mest redd for. Eg er spent på om Andebu-politi-

karar får stor nok innflytelse i den nye kommunen. Men det er opp til oss som bur her å engasjere oss politisk i framtida, seier han

FEKK DRØYMEJOBBen

Jobben med å løse tre kommunar til ein ny, og å vere rådmann i nye Sandefjord kommune, fekk Gudrun Haabeth Grindaker. 19. oktober startar ho som prosjektleiar.

– *Kvifor søkte du på denne jobben?*

– Den kombinerte jobben med å vere prosjektleiar og rådmann er for meg drøymejobben. Å få vere med i prosessen med å utforme og utvikle ein ny kommune, basert på det beste frå dei tre kommunane som går saman i den, er eit utruleg flott høve og eit viktig samfunnsoppdrag. I tillegg er det her formidla eit klart og samstemt budskap, med tydelege ambisjonar frå den politiske leiinga i dei tre kommunane. Det er inspirerende, seier ho og deler målsetnaden.

– Eg håpar at prosjektperioden fram til 1. januar 2017 skal vere med på å lage ein god, gradvis og naturleg overgang. Det blir mange og viktige milepålar undervegs i prosjektperioden. Og då blir forhåpentlegvis ikkje overgangen brå, men eit etterlengta mål ein når.

– *Korleis ser på du på leie eit slikt «historisk» prosjekt?*

– Det er motiverande, samtidig som det stiller særst høge krav til prosjektleinga. Og det oppdraget er eg veldig audmjuk for å kunne leie.

Ta telefonen når 73 10 21 00 ringer

I veke 42 og 43 kan det hende telefonen din ringer, og telefonnummeret 72 10 21 00 viser på skjermen. Då er det viktig at du svarar.

I samband med kommunereforma føregår det for tida eit utgreiingsarbeid av fire moglege modellar for kommunesamanslåing, som i alt omfattar ti kom-

munar: Askvoll, Fjaler, Gaular, Hyllestad, Gloppen, Førde, Flora, Naustdal, Jølster og Solund.

Prosjektgruppa, bestående av ordførar og rådmenn i desse ti kommunane, vil gjerne høyre di meining, og ta den med seg i det vidare arbeidet. Difor er det viktig at du svarar når Norstat ringer for å gjennomføre denne innbyggjarundersøkinga.

Minus 30 millionar kroner i frie inntekter til kommunane i 2015

Kva vil skje med inntektene til kommunane i framtida? Vil samanslåtte kommunar få meir eller mindre enn kommunar som blir åleine?

Kåre Træen er seniorrådgjevar hjå Fylkesmannen, og er tett på alle kommunereformprosjekt i Sogn og Fjordane. Her forklarar Fylkesmannen korleis systemet fungerer i dag.

KVA ER INNTEKTSSYSTEMET?

For å gje tenester til innbyggjarane får kommunane overført midlar frå staten gjennom eit inntektssystem. Overføringane skal ta omsyn til om ein kommune er lett eller tungdriven, og skal jamne ut ulikskap i utgifter (aldersfordeling, sosialøkonomiske kriterium og reiseavstand) og delvis kompensere for skilnader i skatteinntekter.

Ei slik utjamning skal bidra til at alle kommunane blir i stand til å yte likeverdige tenester som barnehage, skule, kultur, vegar, vatn, pleie og omsorg, anten du bur i ein liten eller stor kommune. Systemet skal òg ivareta regionalpolitiske målsetjingar for busetnad og næringsliv. Dei største inntektene gjennom systemet er skatteinntekter og rammetilskot, omtalt som frie inntekter. Desse utgjør 77 prosent av dei samla inntektene til kommunane.

FOLKETALSUTVIKLINGA PÅVERKAR RAMMETILSKOTET

Kommunane i Sogn og Fjordane får i 2015 vel 6 mrd. kroner i frie inntekter. Av dette får dei 10 kommunane Gloppen, Jølster, Førde, Gaular, Hyllestad, Solund, Fjaler, Askvoll, Naustdal og Flora omlag 2,6 mrd. kroner.

Viktigaste kriterium som ligg til grunn i fordelinga mellom kommunane, er folketalet og alderssamansetjinga blant innbyggjarane. Over tid vekst kommunane sine frie inntekter. Men veksten fordelar seg ulikt. Utviklinga i folketalet er ei av årsakene til dette. Om alt anna er likt for dei andre kriteriana i inntektssystemet, fungerer det slik at kommunar som har ein vekst i folketalet på landsgjennom-



snittet eller over, fullt ut får ta del i den nasjonale veksten i frie inntekter. Det motsatte er tilfelle for dei kommunane som har ein svakare vekst, eller reduksjon i folketalet.

Ser vi på utviklinga frå 2010, har «nye Firda kommune» vakse med 1248 innbyggjarar til 47213, ein auke på 2,7 %. Det er stor skilnad mellom kommunane, frå Gaular med ein vekst på 6,6 % og ned til Solund med ein reduksjon på 7,7 %.

UTVIKLING I PERIODEN 2010 – 2015:

Flora	+ 2,4 %
Solund	- 7,7 %
Hyllestad	- 6,5 %
Askvoll	+ 0,3 %
Fjaler	- 0,8 %
Gaular	+ 6,6 %
Jølster	+ 1,5 %
Førde	+ 6,4 %
Naustdal	+ 3,8 %
Gloppen	+ 1,0 %

Kjelde: SSB-statistikkbanken

Fleire av kommunane har hatt ein positiv vekst i folketalet, men berre Gaular og Førde ligg på landsveksten som var 6,3 % i perioden. Går vi til revidert nasjonalbudsjett for 2015, så fekk kommunane i fylket samla justert ned sine frie inntekter med 30 mill. kroner samanlikna med det som vart framlagt i vedteke statsbudsjett. Av dette utgjorde svakare folketalsutvikling 20 mill. kroner.

Vi kan gå bakover i tid og finne tilsvarande utvikling mellom fylket og landet. Svak folketalsutvikling for fylket vårt samanlikna med landet elles i perioden 2003 til 2008, førte til

eit samla netto inntektstap på om lag 100 mill. kroner.

INNTEKTSSYSTEMET OG KOMMUNEREFORMA

Kommunar som slår seg saman, får eingongskompensasjon gjennom dekning av utgifter til sjølve samanslåinga og ei reformstøtte. I tillegg blir reduksjon av regionalpolitiske tilskot og basistilskot frå «gamal» kommune lagt inn i rammetilskotet til den nye kommunen. Dette inndelingstilskotet får den nye kommunen behalde i 15 år, før tilskotet blir trappa ned over fem år.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har starta arbeidet med ein fullstendig gjennomgang av inntektssystemet fram mot 2017. Gjennomgangen skal sjåast i samanheng med kommunereforma. Den samla ramma til kommunesektoren blir neppe vesentleg auka. Endringar må då kome i ei omfordeling mellom kommunane.

Kva er viktig for kommunane i nye Firda kommune? Sju av kommunane får i dag det regionalpolitiske tilskotet for kommunar under 3200 innbyggjarar, årleg til saman 38 mill. kroner. Gloppen får distriktstilskot Sør-Noreg på 5,4 mill. kroner. I tillegg til basistilskotet for kvar kommune på 12,8 mill. kroner, er det reduksjonen av desse regionalpolitiske tilskota som inngår i inndelingstilskotet til nye Firda kommune. Større endringar i inntektssystemet vil få ulike konsekvensar for tenestetilbodet til innbyggjarane. For mindre kommunar gjeld dette særleg om det skjer reduksjonar i basistilskotet og småkommunetilskotet. Første informasjon frå departementet om dette får vi før årsskiftet.

Men likså viktig, og det vanskelege spørsmålet som innbyggjarane til den nye Firda kommune må stille seg: Vil ein større kommune betre samfunnsutviklinga og bidra til å styrke folketalet og dermed gi auka inntekter til gode tenester som barnehage, skule, kultur, vegar, vatn, pleie og omsorg?